

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for opplæring og kompetanse</b>
<b>Møtestad:</b>	Auditoriet, 2. et., Sandsli Videregående skole
<b>Dato:</b>	13.02.2020
<b>Tid:</b>	10:00

**Program**

- Kl. 10:00 - 11:30      Presentasjonar v/fylkesdirektør og rektor Sandsli vgs  
Møte med leiinga ved skulen, tillitsvald og elevrepresentantar
- Kl. 11:30 - 12:30      Lunsj
- Kl. 12:30 - 13:00      **Orientering:**  
Idrettstilbod i vidaregåande opplæring v/ Rune Lindgren, avdelingsleiar  
ved  
Stend vgs
- Kl 13:00 - 15:00      Sakshandsaming

**Sonja Merethe Øvre-Flo (H) har forfall - Nils Kåre Skoge (H) stiller**

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for opplæring og kompetanse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Karianne Torvanger  
utvalsleiar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 4/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 5/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 14.01.2020	2019/130	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 2/20	Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell	2020/35844	
RS 3/20	Oppdatert møteplan - Utval for opplæring og kompetanse 2020	2019/147	
RS 4/20	Svar på invitasjon til å kommentere Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) sin strategi for 2020-2024	2020/37897	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 2/20	Spørsmål frå Kongsvik - H - Tannhelsetilbud for barn i barnevernets omsorg	2020/38206	
SI 3/20	Spørsmål frå Kongsvik - H - Verørende Bergen kommune og fritt skolevalg	2020/38206	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 3/20	Forskrift om felles ordens- og atferdsreglement	2020/35529	
PS 4/20	Jobbsjansen del B	2020/35501	
PS 5/20	Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2020-23	2020/36138	
PS 6/20	Organisering av fagskulane i Vestland	2020/36638	
PS 7/20	Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - oppnemning av saksordførar	2019/146	
PS 8/20	Fondsavsetjing/resultatoverføring	2019/28	

## **Godkjenningssaker**

**GK 4/20 Godkjenning innkalling og sakliste**

---

Saknr: 2019/130-5  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	5/20	13.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 14.01.2020

Møtebok frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 14.01.2020 er lagt ved saka.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for opplæring og kompetanse</b>
<b>Møtestad:</b>	Videomøte: Fylkesutvalsalen Sandsli og Fjaler Førde, Fylkeshuset Sandsli, Sandslihaugen 30 og kontor Førde, Storehagen 1b
<b>Dato:</b>	14.01.2020
<b>Tid:</b>	10:00-13:10

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
<b>Førde:</b>		
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Sigurd Reksnes	Medlem	SP
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
<b>Bergen:</b>		
Emil Gadolin	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF
Jeanette Syversen	Medlem	R
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Nils Haugland	Medlem	FNB

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Mariell Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG
Tore Landmark	Nils Haugland	FNB

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør opplæring
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Øivind Høines	Seksjonsleiar inntak, forvaltning og sluttvurdering
Kent Rune Teigen Måren	Seksjonsleiar, opplæring og kompetanse
Stig Aasland	Seniorrådgjevar, opplæring og kompetanse

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 28.11.2019	2019/130	
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 02.12.2019.	2019/130	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI	Spørsmål frå politikarar		
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Plan for prosess for sak om opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/228	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/20	Mål og strategiar - mandat og prosess	2019/146	

## Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning innkalling og sakliste

### **Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse**

#### **Vedtak**

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

#### **Orienteringar:**

Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring Hordaland fylkeskommune 2028-2019. Ved seniorrådgjevar Stig Aasland opplæringsavdelinga, seksjon for opplæring og kompetanse.

Årsrapport for Sogn og Fjordane, vidaregåande opplæring 2018.

I samband med saka RS 1/20 «Plan for prosess for sak om opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune», vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse samrøystes å setje denne saka på sakslista som ny politisk sak. Denne fekk saksnummer 2/20.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 28.11.2019

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 28.11.2019 vart godkjent utan merknader.

### **Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 28.11.2019 vart godkjent utan merknader.

GK 3/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 02.12.2019.

### **Saksprotokoll i 14.01.2020 - Hovudutval for opplæring og kompetanse**

**Karianne Torvanger (A)** sette fram slikt forslag:

«Forslag til endring i godkjenningssak [3/20](#)

Møteboka vert godkjent med følgjande endringar:

Sak 14/19 rett vedtak er at Oppko tok finansutvalet sitt framlegg til orientering.

Protokoll frå dei andre hovudutvalg må takast vekk.

Tabellane som visar opplæringstilbodet høyrer til i sak [11/19](#).»

### **Avrøysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Møteboka vert godkjent med følgjande endringar:

Sak 14/19 rett vedtak er at Oppko tok finansutvalet sitt framlegg til orientering.

Protokoll frå dei andre Hovudutvalg må takast vekk.

Tabellane som visar opplæringstilbodet høyrer til i sak [11/19](#).»

### **Skriftlege spørsmål**

SI 1/20 Spørsmål frå politikare

**Representanten Åsmund Berthelsen (SV)** stilte slikt spørsmål:

Vestland fylkeskommune står ikkje på lista over dei som har sendt inn svar på høyring om såkalla fritt skuleval, med frist 31.12.2019. Sjå lenkje <https://www.udir.no/om-udir/hoyringar/#728>

Er ikkje vedtaket i fylkestinget sendt inn? Og kvifor er det eventuelt ikkje sendt inn?

Svar frå fylkesdirektør for opplæring og kompetanse:

Vi har ikkje sendt inn høyringssvaret i samsvar med fristen. Avtalen med Udir er likevel at svaret blir lagt inn.

Ref kommunikasjon med UDIR:

«E-post datert 7.1.20, her stadfestar seniorrådgjevar Anita Solheim i Udir at dei vil legge inn vedtaket frå fylkestinget i Vestland. Same dag sende eg over vedtaket frå fylkestinget. Eg fekk også melding om å sende det til postmottaket i Udir, det vart også gjort 7.1.20.»

### **Referatsaker**

RS 1/20 Plan for prosess for sak om opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

### **Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse**

Hovudutvalet vedtok samrøystes å setje RS sak 1/20 på sakslista, som ny politisk sak. Denne saka vert då sak PS 2/20 «Plan for prosess for sak om opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune».



## Politiske saker

PS 1/20 Mål og strategiar - mandat og prosess

### Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

**Åsmund Berthelsen (SV)**, sette fram slikt tilleggsforslag på vegner av A, Sp, KrF, MDG og SV:

#### «Tilleggstekst mellom 3. avsnitt og 4. avsnitt i pkt. 1:

Den vidaregåande opplæringa skal legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjøve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking, utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring.

Strategien skal innehalde eit system/metode for å stimulere til utvikling og forbetring og vurdering av kvaliteten.

#### Tillegg steg 3:

Samt relevans for næringslivet i regionen og som grunnlag for vidare utdanning/studiar

#### Endre siste setningen i samandrag til:

Arbeidet med å etablere mål og strategiar skal munne ut i prioriterte tiltak for å oppnå ei heilskapleg opplæring i tråd med kriteriane for kvalitet, nemnt i steg 1.»

**John Andre Kongsvik (H)** sette fram slikt forslag på vegne av FrP og H:

«Forslag til PS1/20:

Endre kulepunkt 3 under steg 1:

Læring, mestring og gjennomføring.»

**Jeanette Syversen ( R )** sette fram slikt forslag:

«Endring steg 1, Trivsel, psykososial helse og inkluderande felleskap

Tillegg steg 3. Utviklingen av strategi for den vidaregåande skolen/opplæringa, skal vise korleis ein sikrar tett dialog mellom rettleingtenesta og den enkelte skulen for å sikre gode tiltak som sikrer forebygging av seksuell trakassering og mobbing.»

### Avrøysting

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Kongsvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag kva gjaldt «Endring steg 1» vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag kva gjaldt «Tillegg steg 3» fekk fire røyster ( R, FrP, FNB og KrF) og fall.

### Vedtak

1. Det vert sett i gang arbeid med mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland for perioden 2020-2024 med følgjande mandat:

Arbeidet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland. Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert og forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland.

Tilsette, elevar og lærlingar si involvering i arbeidet er ein føresetnad for gje retning for den vidaregåande opplæringa.

Den vidaregåande opplæringa skal legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjølve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking, utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring.

Strategien skal innehalde eit system/metode for å stimulere til utvikling og forbetring og vurdering av kvaliteten.

Arbeidet med å etablere mål og strategiar skal munne ut i prioriterte tiltak for å oppnå ei heilskapleg opplæring i tråd med kriteriane for kvalitet, nemnt i steg 1.»

**Steg 1:** Etablere **kjenneteikn for kvalitet** på opplæringa. Kjenneteikna skal ta utgangspunkt i tre område:

- o trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap
- o lærelyst og motivasjon
- o læring, meistring og gjennomføring

Kjenneteikna skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar som skal bidra til å sette elevar og lærlingar i stand til å møte livet fagleg og sosialt.

**Steg 2:** Samanfatta no-situasjonen for opplæring- og kompetansesektoren med utgangspunkt i forskning, statistikk, erfaring og etablerte kvalitet- og styringsdokument. No-situasjonen skal peike på styrkar og utfordringar for den vidaregåande opplæringa i Vestland.

**Steg 3:** Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Strategiane skal fremje god kvalitet, jf. kriteriesettet. Strategien skal synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Samt relevans for næringslivet i regionen og som grunnlag for vidare utdanning/studiar

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse er styringsgruppe for arbeidet, og fylkesdirektør for opplæring og kompetanse drøftar vegval undervegs med styringsgruppa.

3. Fylkesdirektør for opplæring skal legge til rette for brei medverknad i arbeidet.

4. Arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring startar parallelt med å etablere den regionale planstrategien for 2020 - 2024. Føringsane i planstrategiarbeidet er førande for sektoren sitt mål og strategiarbeid

5. Prosessen med å utarbeide ny budsjettmodell for sektoren må innrettast i samsvar med prosessen for mål og strategiar

6. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland skal leggjast fram for fylkestinget handsaming i september 2020.

7. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesrådmannen utarbeider ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.

PS 2/20 Plan for prosess for sak om opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

## **Saksprotokoll i 14.01.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse**

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett».

**Avrøysting utsetjingsforslag:**

Halleraker sitt utsetjingsforslag fekk to røyster (Halleraker, H og Kongsvik, H) og fall.

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Foreslår følgende vedtak i RS 1/2020 under foreslått oppsett på struktur i justerings- og utlysningssakene. Dette skal forstås som tillegg til begge listene som står på side fire i saksdokumentet:

Sakene skal også innehalde en fullstendig oversikt over utdanningstilbudet

Tilleggspunkt:

Utvalet tar saka til vitande.»

**Avrøysting**

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Sakene skal også innehalde en fullstendig oversikt over utdanningstilbudet

Tilleggspunkt:

Utvalet tar saka til vitande.

## **Referatsaker**

**RS 2/20 Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell**

---

Saknr: 2020/35844-1  
Saksbehandlar Ingeborg Lie Fredheim  
Dato: 23.01.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse  
Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell

### Bakgrunn

I referatsak 3/2019 til fylkestinget «*Melding om arbeidet med ny budsjettmodell*» vart det lagt til grunn at fylkesrådmannen ville leggje fram sak for fylkestinget i mars 2020 om prinsippa for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane frå 2021.

Fylkestinget vedtok som ein del av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i PS-sak 14/2019 følgjande (s. 76 i budsjettdokumentet):

*«Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal vere eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra. I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mogleg likeverdig tilbod. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet. Regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland vil gje retning for dette arbeidet.»*

Vidare vart det i saka vedteke følgjande i verbalpunkt 16:

*«Prosentvis ramme nedtrekk SFFK vert fjerna. Fylkestinget vi kome attende til harmonisering mellom dei ulike skulane i fylket i budsjett 2021, forutsett at arbeidet med Mål- og Strategiplanen er ferdig og kan leggjast til grunn.»*

I PS 1/2020 «*Mål og strategiar - mandat og prosess*» 14. januar 2020 vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse m.a følgjande:

- «...»
5. *Prosessens med å utarbeide ny budsjettmodell for sektoren må innrettast i samsvar med prosessen for mål og strategiar*
  6. *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i september 2020.»*

### Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding

Etter budsjettvedtaket i desember 2019 må framdrifta for arbeidet med ny budsjettmodell tilpassast mål og strategiarbeidet. Ut frå framdrifta som er vedteke for dette arbeidet inneber dette, etter fylkesrådmannen si vurdering, at fylkesrådmannen først vil kunne leggje fram prinsippa for ny budsjettmodell for fylkestinget i juni 2020.

---

**Saknr:** 2019/147-2  
**Saksbehandlar** Berit Roksvåg  
**Dato:** 24.01.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Oppdatert møteplan – datoar og stad - Utval for opplæring og kompetanse 2020

### Oversikt

DATO	STAD	MERKNAD
13.02.2020	Sandsli vgs	
10.03.2020	Måløy vgs	
20.04.2020	Langhaugen vgs	
12.05.2020	Årstad vgs	
02.06.2020	Telefonmøte/Video	
16.09.2020	Firda vgs	Politikardag, Skei 15.09, FUV Skei, 17.09
13.10.2020	Stord vgs	
03.11.2020	Sogndal vgs	
25.11.2020	Sotra vgs	Politikardag Øygarden 24.11

---

Vår referanse 2020/37535-2  
Dato 31.01.2020

---

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i  
høyere utdanning - Diku

5809 Bergen

## Svar til invitasjon om å kommentere Dikus utkast til strategi for 2020-2024

Avdelingane Opplæring og kompetanse og Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune svarer med dette på invitasjonen frå 19.12.2019 om å kommentere Dikus utkast til strategi 2020-2024. Vi takkar for høvet til å kommentere strategien.

Vi har følgjande kommentarar når det gjeld spørsmål om innsatsområda og tiltaka er tydelege og relevante; Under nokre av tiltaksområda er det ikkje heilt klart kva målgruppe som blir omhandla, t.d. innsatsområde «Undervisning og undervisningspraksis» og innsatsområde «Livslang læring». Det er her uklårt om innhaldet gjeld berre UH-sektoren eller heile grunnopplæringa.

For innsatsområdet «Endringskompetanse og samfunnsengasjement» vil vi tilrå at samarbeidet med næringslivet blir tydeleggjort. Dette er ein nødvendig føresetnad for å kunne sikre at næringslivet får tilgang til den kompetansen som er påkravd for å få til ei berekraftig utvikling. Forslag til tiltak: Utvikle verkemiddel som stimulerer til samarbeid med næringslivet for å sikre at innhaldet i utdanningane er i samsvar med behov i næringslivet.

For innsatsområdet «Livslang læring» vil vi tilrå at ein også adresserer utfordringar knytt til å *avdekke* kompetansebehova i næringslivet. Vi har spesielt merka oss at små og mellomstore bedrifter har vanskar med å identifisere desse behova. Forslag til tiltak: Utvikle verkemiddel som stimulerer til å avdekke kompetansebehov i arbeidslivet som må fyllast for å at bedriftene skal kunne innovere og vekse.

Vi har følgjande kommentarar/innspel til innsatsområdet «Norsk deltakelse i Erasmus+»; Det er gledeleg at Diku ønskjer å arbeide for at moglegheitene i Erasmus+ skal kunne kombinerast med andre nasjonale ordningar. Fylkeskommunane kan her vere viktige innspelspartnarar for å finne fram til kva ordningar som kan vere relevante på dette området.

Når det gjeld tilrettelegging for deling av resultat, så ønskjer vi at Diku t.d. utviklar strukturar og modellar som vil gjere det enklare for prosjekta å synleggjere og spreie resultat, både nasjonalt og internasjonalt.

Til siste punkt i innsatsområdet Norsk deltakelse i Erasmus+ som omhandlar kunnskapsbaserte innspel til Kunnskapsdepartementet og Europakommisjonen, vil vi understreke viktigheita av at Diku innhentar innspel frå fylkeskommunane. Gjennom regionreforma har fylkeskommunane fått eit forsterka ansvar for samordning av det kompetansepolitiske arbeidet i fylka. Fylkeskommunane kan bidra med kunnskap om behova i arbeidslivet, både i privat og offentleg sektor, partnerskapsarbeid og erfaringar med bruk av Erasmus+. I tillegg meiner vi at innspel frå Diku på dette området bør sendast til andre departement som t.d. Arbeids- og sosialdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi:  
Kent Rune T. Måren  
Birthe A. Haugen



Se vedlagt mottakerliste

Vår ref:  
19/01441-1

Deres ref:

Dato:  
19.12.2019

## Invitasjon til å kommentere Dikus utkast til strategi for 2020-2024

Diku – Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning - ble opprettet 1. januar 2018, som del av en satsing på kvalitetsutvikling i høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning. Vi har utviklet et utkast til strategi for Diku for 2020-2024, og inviterer med dette sektoren, samarbeidspartnere og andre interessenter på utdanningsfeltet til å gi innspill.

Diku ble opprettet etter sammenslåingen av organisasjonene Senter for internasjonalisering i utdanning (SIU), Norgesuniversitetet (NUV) og Program for kunstnerisk utvikling (PKU). Arbeidet og ansvarsområdene til disse videreføres, samtidig som Diku har fått nye oppgaver innenfor kvalitet i høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning.

Diku skal bidra til utvikling av kvaliteten i norsk utdanning og til å realisere sektormålene for forskning, høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning. Diku har ansvar for internasjonalisering som virkemiddel for kvalitetsutvikling i hele utdanningsløpet, fra barnehage til høyere utdanning, og har derfor en viktig rolle også i grunnopplæringen.

For å hente innspill til strategi har det blitt gjennomført eksterne innspillsmøter med representanter fra Dikus målgrupper både innenfor høyere utdanning og grunnopplæringsfeltet, samt partene i arbeidslivet. Fagskolerådet har også gitt innspill til strategien. Det har også vært bred involvering av medarbeidere i Diku. Visjonen for strategien er *Bedre utdanning for en bærekraftig fremtid*. Strategien presenterer fem innsatsområder som vil prioriteres de neste fem årene. Disse har

noe ulike nivå, men representerer områder der det er behov for en særlig satsing. Innsatsområdene er som følger:

- Endringskompetanse og samfunnsengasjement
- Undervisnings- og vurderingspraksis
- Livslang læring
- Norsk deltakelse i Erasmus+
- Bedre og bærekraftige tjenester
- 

Strategien omtaler Dikus samfunnsoppdrag og hovedoppgaver som er fastsatt av Kunnskapsdepartementet. Videre er verdiene vedtatt i organisasjonen. Alle innspill og tilbakemeldinger er velkomne, men vi ønsker spesielt innspill knyttet til følgende:

- Er teksten klar og forståelig?
- Er innsatsområdene og tiltakene tydelige og relevante?
- Er det ytterligere tiltak som bør prioriteres?
- Er det noe som mangler i strategien eller som burde omtales i større utstrekning?

Den endelige strategien skal etter planen vedtas av Dikus styre i februar 2020. Frist for å sende inn innspill er 31. januar 2020. Innspill sendes på e-post til [postmottak@diku.no](mailto:postmottak@diku.no).

Les vedlagt utkast til strategi for Diku for 2020-2024

Med vennlig hilsen  
Gro Tjore  
*assisterende direktør/deputy director general*

Katrine Moland Hansen  
*seniorrådgiver / Senior  
Adviser*

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

## Bedre utdanning for en bærekraftig fremtid

Diku skal jobbe for å styrke norsk utdanning. Et utdanningstilbud som skaper engasjerte samfunnsborgere med relevant kompetanse, er avgjørende for et bærekraftig samfunn. Diku skal være en pådriver for kvalitet i norsk utdanning for at elever, lærlinger og studenter skal lære best og mest mulig.

### Vårt samfunnsoppdrag

Diku skal bidra til utvikling av kvaliteten i norsk utdanning og til å realisere sektormålene for forskning, høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning. Diku har ansvar for internasjonalisering som virkemiddel for kvalitetsutvikling i hele utdanningsløpet, fra barnehage til høyere utdanning, og har derfor en viktig rolle også i grunnopplæringen.

### Våre hovedoppgaver:

- Utvikle, styrke og forvalte Dikus kvalitetsprogrammer og andre virkemidler for kvalitet på vegne av departementer og andre aktører.
- Fremme internasjonalt utdanningssamarbeid og –mobilitet i hele utdanningsløpet, og styrke Norge som attraktivt samarbeids- og studieland internasjonalt.
- Være det nasjonale programkontoret for internasjonalt utdannings- og opplæringssamarbeid og et nasjonalt kompetanse- og informasjonssenter for internasjonalisering i hele utdanningsløpet.
- Stimulere til utforskning og utnyttelse av digitalisering i læring og vurdering i høyere utdanning.
- Utgjøre en samlende arena for kunstnerisk utviklingsarbeid, og bidra i utviklingen av kvalitet og kompetanse i institusjoner som tilbyr skapende og utøvende kunstutdanning.
- Styrke kunnskapsgrunnet innenfor virksomhetens arbeidsområde og gi kunnskapsbaserte råd og innspill til politikkutvikling.
- Kommunisere med, gi råd og spre god praksis til utdanningssektorene, arbeidslivet og andre relevante målgrupper.

### Våre målgrupper

Diku sin virksomhet er omfattende, og aktivitetene retter seg mot en rekke målgrupper:

- Norske utdanningsinstitusjoner: Diku skal være en pådriver og en støttespiller for norske utdanningsinstitusjoners arbeid fra barnehager til universiteter og høyskoler. Diku skal legge til rette for kunnskapsutveksling og dialog mellom utdanningssektoren og samfunnslivet for øvrig. Diku skal promotere Norge som studie- og samarbeidsland, samt gi kvalitetssikret informasjon om utdanning i utlandet.
- Elever og studenter: Dikus arbeid skal bidra til bedre læring for elever, lærlinger og studenter. Diku skal samarbeide med sentrale interesseorganisasjoner for elever og studenter for å bruke deres perspektiver i vårt arbeid.
- Arbeids- og næringsliv: Diku skal arbeide for at virksomheter har tilgang til relevant arbeidskraft, og at medarbeidere kan få ny kompetanse gjennom livslang læring. Diku skal

støtte opp om økt og mer gjensidig samarbeid mellom utdanningssektoren og arbeidslivet for å bidra til innovasjon i og gjennom utdanningene.

- Myndigheter og organisasjoner: Diku skal jobbe for tettere samarbeid mellom ulike aktører på utdanningsfeltet for å sikre kunnskapsdeling og implementering av ny praksis.

## Våre innsatsområder 2020-2024

### Endringskompetanse og samfunnsengasjement

**Hva:** Diku skal være en pådriver for at utdanning gir kompetanse for både å håndtere endring og ta aktivt del i et samfunn som står overfor store utfordringer.

**Hvorfor:** Samfunnet og arbeidslivet er i rask endring og det stilles nye krav til den enkelte. Utdanning er nøkkelen til å sikre den nødvendige kunnskapen for en bærekraftig utvikling. Utdanning skal også bidra til personlig utvikling og muligheter for enkeltindivider, og ruste dem til aktivt medborgerskap i et mangfoldig samfunn.

**Hvordan:**

#### Høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning:

- FNs bærekraftsmål skal legge føringer for innhold og innretning i Dikus ordninger.
- Diku skal utvikle virkemidler som stimulerer samarbeid på tvers av fag, disipliner og sektorer.
- Diku skal vektlegge aktive læringsformer inkludert utfordringsbasert læring der studenter, forskere og samfunnsliv sammen bidrar til å løse samfunnsutfordringer.
- Diku skal fremme internasjonalt samarbeid for økt kvalitet i utdanningen, og kunnskap om hvordan slikt samarbeid utvikler endringskompetanse og aktivt medborgerskap.
- Diku skal utvikle virkemidler som stimulerer digital kompetanse.
- Diku skal styrke den norske modellen for kunstnerisk utviklingsarbeid og videreutvikle den nasjonale forskerskolen for skapende og utøvende kunstfag.
- Dikus virkemidler skal stimulere praksisnær utdanning.

#### Grunnopplæring:

- Diku skal fremme mulighet for internasjonalt samarbeid og mobilitet.
- Diku skal utvikle kunnskap om hvordan mobilitet kan være viktig for enkeltmenneskers personlige og faglige utvikling.
- Diku skal utvikle kunnskap om hvordan internasjonalt samarbeid kan bidra i arbeidet med kjerneelementene og de tverrfaglige temaene i læreplanen.
- Diku skal jobbe for at virkemidlene våre blir brukt mer strategisk for å fremme arbeidsrelevans.

## Undervisnings- og vurderingspraksis

### Hva:

Diku skal være en pådriver for å forbedre og fornye undervisnings- og vurderingspraksis i høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning.

### Hvorfor:

Faglig sterke undervisere med kunnskap om hva som gir god læring, og med en forskningsbasert tilnærming til egen undervisning og vurdering, bidrar til gode læringsmiljø. Gjennom å løfte kvaliteten på og status for undervisning kan studentenes læringsutbytte styrkes og samfunnet rustes for fremtiden.

### Hvordan:

- Diku vil arbeide for at undervisning ansees som like viktig som forskning, og at utdanningskvalitet er noe som skapes i et fellesskap mellom undervisere, studenter og utdanningsledere.
- Diku skal utvikle robuste ordninger for høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning som gir rom for at fagmiljøene kan drive pedagogisk utviklingsarbeid.
- Gjennom våre ordninger vil vi fremme undervisnings- og vurderingspraksis som styrker studentenes og elevenes læringsutbytte.
- Diku skal stimulere utforskning og utnyttelse av digital teknologi for å legge til rette for god undervisning og vurdering.
- Diku skal støtte at undervisere videreutvikler sin utdanningsfaglige kompetanse.
- Diku skal gjennom analyser bidra til økt kunnskap om god undervisnings- og vurderingspraksis. Diku skal legge til rette for deling av resultater og kunnskap.

## Livslang læring

**Hva:** Diku skal legge til rette for at flere lærer hele livet.

**Hvorfor:** Dagens arbeidsliv er i rask endring og stiller krav til at arbeidstakerne kontinuerlig tilegner seg ny og oppdatert kunnskap. En viktig utfordring i dagens system er at utdanningstilbudet ikke er tilstrekkelig tilpasset arbeidslivets behov. Høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning er sentrale tilbydere av livslang læring. Diku skal samarbeide med utdanningsinstitusjonene, partene i arbeidslivet og andre aktører om å utvikle tilbudet.

### Hvordan:

- Diku skal bidra til at det utvikles flere utdanningstilbud som gjør det mulig å kombinere deltagelse med jobb.
- Diku skal stimulere til utvikling av nettbaserte tilbud for å øke tilgjengeligheten av utdanning.
- Diku skal legge til rette for mer samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv.
- Diku skal legge til rette for videre utvikling av høyere yrkesfaglig utdanning i et livslangt læringsperspektiv.
- Diku skal stimulere til mer deling og gjenbruk av undervisningsressurser i samarbeid med andre aktører.

## Norsk deltakelse i Erasmus+

**Hva:** Diku skal sørge for økt deltakelse fra alle relevante målgrupper i den nye programperioden for Erasmus+. Deltakelsen skal bidra til økt kvalitet gjennom hele utdanningsløpet.

**Hvorfor:** Erasmus+ er et viktig virkemiddel for styrking av utdanningskvaliteten i Norge. Programmet skaper dialog og samarbeid på tvers av landegrensene, og det bidrar også til styrket norsk konkurranseevne og innovasjonskapasitet. Diku er nasjonalkontor for Erasmus+ og skal arbeide for at Norge drar best mulig nytte av ressursene som er tilgjengelige i programmet.

### Hvordan:

- Diku skal arbeide for bred nasjonal, regional og lokal forankring av programmet.
- Diku skal mobilisere nye søkere og arbeide for økt inkludering og mangfold.
- Diku skal arbeide for økt norsk gjennomslag i Erasmus+ ordninger der norske søkere konkurrerer internasjonalt om midler.
- Diku skal arbeide for at mulighetene i Erasmus+ kan kombineres med andre nasjonale og internasjonale ordninger innen opplæring, utdanning, forskning og innovasjon.
- Diku skal utvikle kunnskap om effektene av programmet. Diku skal legge til rette for deling av resultater.
- Diku skal gi kunnskapsbaserte innspill til Kunnskapsdepartementet og til Europakommisjonen for at programmet skal oppfylle behovene i norsk sektor og bidra til norske utdanningspolitiske mål.

## Bedre og bærekraftige tjenester

**Hva:** Diku skal være en god og attraktiv arbeidsplass, der vi kontinuerlig utvikler og forbedrer våre tjenester og fornyer våre arbeidsformer. Vi skal utvikle god styringsinformasjon og gjøre tydelige prioriteringer. Diku skal inkludere bærekraftperspektiv i vår forvaltning og kunnskapsutvikling, og bidra til målet om en klimanøytral utdanningssektor innen 2030.

### Hvorfor:

Diku må forberede seg på strammere økonomiske rammer, samtidig som vi må innfri forventninger til styrket innsats på flere områder. Vi vil arbeide for å tilby moderne og brukervennlige tjenester samtidig som vi skal redusere klimaavtrykket av vår virksomhet.

### Hvordan:

- Dikus verdier skal implementeres i virksomheten for å sørge for at Diku er en god arbeidsplass.
- Diku skal bygge mer innovasjonskompetanse og -kultur i organisasjonen.
- Diku skal videreutvikle organisasjonens digitale kompetanse for å ta i bruk teknologi for mer effektive arbeidsprosesser og tjenester.
- Diku skal sikre at alle våre tjenester er brukervennlige og forankret i brukernes behov
- Diku skal samarbeide med relevante myndighetsorgan om utvikling av offentlige tjenester.
- Diku skal sette konkrete mål for reduksjon av eget klimaavtrykk.

## Våre verdier

Kjerneverdiene definerer vår kultur og gir retning for vår samhandling internt og eksternt, og er derfor viktige for å virkeliggjøre vår visjon.

### Åpen

- Vi er inkluderende og søker mangfold og nye perspektiver.
- Vi inviterer til samarbeid og er lyttende og interesserte.
- Vi er rause og deler kunnskap, informasjon og erfaringer.

### Kunnskapsdrevet

- Vi gir råd og handler basert på kunnskap.
- Vi er profesjonelle og pålitelige.
- Vi er kritisk reflekterende og søker ny kunnskap.

### Nytenkende

- Vi skaper endring med betydning for samfunnet og den enkelte.
- Vi er kreative og en pådriver for utvikling.
- Vi er engasjerte og handlekraftige.

## **Skriftlege spørsmål**

**SI 2/20 Spørsmål frå Kongsvik - H - Tannhelsetilbud for barn i barnevernets omsorg**



## Spørsmål til hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020

Frå: John Andre Kongvik, H

### Spørsmål 1: Tannhelsetilbud for barn i barnevernets omsorg.

I løpet av det siste året har det kommet frem at det ofte glipper med helseoppfølging for barn i barnevernets omsorg. Munnhelse er intet unntak.

I en nylig artikkel i Dagens Medisin beskriver to tannleger med spesialistkompetanse på barn problemet og det faktum at dårlig samhandling mellom ulike instanser ofte gjør at munnhelse glipper. Dette kan gi betydelige problemer i livet senere, og her som andre steder, gjør det at man kommer sent til, at man må reparere istedetfor å forebygge.

Lange ventetider i den offentlige tannhelsetjenesten, gjør ikke saken bedre.

-Hvordan er samarbeidet mellom barnevern og tannhelsetjeneste i Vestland idag?

-Hvor lang ventetid er det i snitt for barn som trenger behandling i tannhelsetjenesten og er det forskjeller innenfor fylket?

## Spørsmål til hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020

### Spørsmål 2: Vedrørende Bergen kommune og fritt skolevalg.

Frå: John Andre Kongvik, H

1.mars skal 10.klassingene i Vestland velge videregående skole. I fylket er det fritt skolevalg (frem til nytt vedtak er fremmet og vedtatt), som gir elevene mulighet til å søke seg på den linjen og den skolen de ønsker. Fritt skolevalg innebærer imidlertid at elevene får informasjon om tilbudet og mangfoldet som finnes.

Desto mer nedslående når rektor ved St.Paul Gymnas forteller at friskoler systematisk utelukkes fra utdanningsmessene på ungdomsskolene.

Det er ikke bare å frata elevene viktig informasjon, men det er også med på å undergrave en demokratisk beslutning.

- Er utvalgsleder informert om denne praksisen?
- Hvordan vil fylkeskommunen agere overfor Bergen og andre kommuner for å sikre at elevene får fullverdig informasjon om hele tilbudet?

**Politiske saker**

**PS 3/20 Forskrift om felles ordens- og åferdsreglement**

---

Saknr: 2020/35529-1  
Saksbehandlar: Janne Damba

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	3/20	13.02.2020

## Forskrift om felles ordens- og åtfersdsreglement

### Forslag til vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek ny «Forskrift om felles ordens- og åtfersdsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland»

### Samandrag

I samband med fylkeskommunesamanslåinga vart det utarbeidd forslag til felles ordens- og åtfersdsreglement for skulane i den nye fylkeskommunen. Fylkesdirektør for opplæring vedtok den 11. september 2019 at utkast til «Forskrift om felles ordens- og åtfersdsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland» vart lagt ut på høyring.

Det er mottatt 22 høyringssvar. Dei fleste høyringsfråsegnene støttar ordens- og åtfersdsreglementet i sin heilhet. Fleire høyringsinstansar har skrive kommentarar og forslag til endringar. Kommentrane er blitt vurdert og ordens- og åtfersdsreglementet er endra der Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har vurdert at det er nødvendig.

Vedlagt ligg revidert «Forskrift om felles ordens- og åtfersdsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland».

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Kenth Rune Teigen Måren  
leiar seksjon for kvalitet i opplæringa

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med fylkeskommunesamanslåinga vart det utarbeidd forslag til felles ordens- og åtferdsreglement for dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen. Fylkesdirektør for opplæring vedtok den 11. september 2019 at utkast til «Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland» vart lagt ut på høyring.

Det er mottatt 22 høyringssvar. Dei fleste høyringsfråsegnene støttar ordens- og åtferdsreglementet i sin heilhet. Fleire høyringsinstansar har skrive kommentarar og forslag til endringar. Kommentaraner er blitt vurdert og ordens- og åtferdsreglementet er endra der Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har vurdert at det er nødvendig.

### Vedtakskompetanse

Det følger av «Reglement for delegering etter særlov» for Vestland fylkeskommune at Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Konklusjon

Under er kvar føresegn gått gjennom for seg og dei ulike høyringsinnspela er vurdert. Det er gjort endringar der fylkesdirektør har vurdert det nødvendig. Der det er komen inn forslag som fylkesdirektør meiner ikkje er føremålstenleg er det kommentert kvifor.

Nokre av høyringsinstansane ønsker at ordens- og åtferdsreglement skal skrivast i eit meir «tilgjengeleg» språk ev. at det skal lagast ein lesarvennleg kortversjon. Språkendingar er gjort der dette er vurdert som nødvendig. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ønsker ikkje å utarbeide fleire versjonar av ordens- og åtferdsreglementet på grunn av rettstryggleika til den enkelte.

### § 2 Formål

Hafstad vidaregåande skule og fleire andre høyringsinstansar skriv at formålet i § 2 bør presiserast. Formålsføresegna bør vere formulert i eit språk som er enklare å forstå. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i dette og har endra formuleringa på § 2.

### § 3 Verkeområde

Fleire av høyringsinstansane kommenterer at det bør komme meir tydeleg fram om ordens- og åtferdsreglementet gjeld på skulevegen og på skulen sin arena for sosiale media. Det er også kommentert at det bør vere meir tydeleg at elevane kan bli pålagt sanksjonar etter ordensreglementet for hendingar som oppstår på fritida. Dette gjeld dersom det skjer krenkingar eller mobbing som medfører at elevar opplever skulekvardagen utrygg og ekskluderande. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i desse presiseringane og legger dei til i reglementet.

### § 4 Elevane sine rettar

Elev- og lærlingombodet i Hordaland fylkeskommune og mobbeomboda i Sogn og Fjordane samt Hordaland fylkeskommune har skrive at rettane til elevane bør bli meir tydeleg presisert, det er ikkje tilstrekkeleg å berre vise til føresegna i lovtekst. Nokre av forslaga var at:

1. Alle elevar har rett til opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar
2. Eleven har rett til å bli høyrd i saker som omhandlar seg sjølv
3. Eleven har rett til å ta opp brot på desse rettane med skulen

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i dette og legger til desse formuleringane i ordens- og åtferdsreglementet.

### § 5 Elevane sine plikter

Eit par av høyringsinstansane skriv at det er behov for at elevane sine plikter blir meir tydeleg presisert. Det er mellom anna kommentert at Hordaland fylkeskommune sitt gamle orden- og åtferdsreglement var betre på dette punktet. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ser at Hordaland fylkeskommune sitt gamle orden- og åtferdsreglement var meir utfyllande akkurat under punktet «elevane sine plikter». Det nye orden- og åtferdsreglementet til Vestland fylkeskommune har ein anna oppbygging. Fleire av momenta frå Hordaland fylkeskommune sitt gamle reglement er vidareført under andre føresegner. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner difor at det nye reglementet er tydeleg nok når det gjeld elevane sine pliktar.

### § 6 Orden

Fleire av høyringsinstansane skriv at døme i første kulepunkt (forseintkomming meir enn 15 minutt fører til frávær for heile timen) bør takast ut av ordens- og åtferdsreglementet. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i dette og tar dømet ut av ordens- og åtferdsreglementet. Det vil bli eit eige fráværreglement for Vestland fylkeskommune gjeldande frå 1. august 2020, og dette punktet vil bli vurdert nærare i den saka.

Det er vidare stilt spørsmål om oppramsinga over kva som krevjast for å ha god orden er uttømmande. Ein høyringsinstans skriv og at dei ønsker eit eige punkt om at det er «god orden å melde frå til faglærar dersom ein ikkje kan møte til undervisning». Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner dette allereie er omfatta av kulepunkta om det å ha god orden. ». Fylkesdirektør vurderer det slik at lista ikkje er uttømmande, men at det også er andre moment som kan leggast vekt på i vurderinga om eleven har god orden.

### § 7 Åtferd

Fleire av høyringsinstansane har kommentert at forbodet mot bruk av ansiktsplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet bør takast ut av ordens- og åtferdsreglementet. Dei skriv at forbodet mot bruk av heildekkande ansiktsplagg er regulert i opplæringslova § 9-7 og at det dermed ikkje er behov for å ha det med i eit ordensreglement. Vidare gjeld forbodet ei lita gruppe elevar og det kan verke stigmatiserande å skulle ha eit slik forbod med i eit ordens- og åtferdsreglement. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i dette og har tatt dette ut av ordens- og åtferdsreglementet.

Fleire av høyringsinstansane har skrive at det må komme tydeleg fram at elektroniske sigarettar er likestilt med tobakk når det gjeld forbod mot røyking. Det bør vidare også komme inn eit forbod mot oppbevaring, kjøp og sal av alkohol eller andre rusmiddel.

Det er òg kommentert at det må gjerast tydelegare i ordensreglementet at det er forbode å spreie lyd- og bildeopptak av andre utan deira samtykke. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i desse vurderingane.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse legg vekt på at lista over kva som er rekna som god åtferd ikkje er uttømmande.

### § 8 Sanksjoner

Fleire av høyringsinstansane kommenterer at bortvising resten av skuledagen er eit vedtak utan klagerett berre dersom bortvisinga er inntil 2 klokkeimar. Dersom bortvisinga er meir enn 2 klokkeimar er det eit enkeltvedtak med klagerett. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har dermed flyttet denne regelen over til sanksjonar med klagerett.

Nokre av høyringsinstansane har skrive at dei ønsker meir tydelege sanksjonar for fusk og plagiat. Det vert vist til tidligare Oppland fylkeskommune sitt gamle reglement. Når Oppland har gått inn i Innlandet fylkeskommune har dei gått bort frå desse reglane. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse forstår behovet for generelle reglar som regulerer dette. Sakar som omhandlar fusk og plagiat er likevel eit brot på ordensreglementet. Lærar/rektor må dermed foreta ein heilskapleg vurdering og nytte sanksjonane som allereie finst i ordensreglementet.

Elev- og lærlingombod i Hordaland fylkeskommune og mobbeomboda i Sogn og Fjordane samt Hordaland fylkeskommune har foreslått det å påleggje eleven oppfølging som ein alternativ sanksjon. Dei ønsker ein sanksjon der ein kan påleggje eleven å vere igjen på skulen etter alminneleg skuletid ev. komme tidlegare på skulen. Dei skriv at det å vise bort ein elev som har brote ordensreglementet kan skyve eleven lengre vekk frå skulekvardagen. Dei foreslår òg ein egen sanksjon om at elven kan verte overført til ny klasse og gruppe.

Det å flytte eleven til ny klasse er tiltak skulen har høve til å forsøke før dei vurderer om eleven skal bortvisast. Men det er praktisk vanskeleg å gjennomføre det å påleggje elevar oppmøte utanfor skuletid. I Vestland fylkeskommune bur enkelte elevar langt frå skulen og er avhengig av skuleskyss. Det vil verke urimeleg å påleggje desse elevane ekstra tid utanfor skuletida. Eit viktig prinsipp i ordens- og åtferdsreglementet er likebehandling. Så dersom enkelte elevar vart pålagt ekstra tid på skulen mens andre får ikkje same sanksjon på same hending vil ikkje dette vere likebehandling. Skulen kan uansett gi eleven ekstra oppfølging og samtalar som ein del av prosessen for å følge opp ein elev som er blitt vist bort. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner det ikkje er gunstig å lage ein sanksjon som pålegg eleven å være på skulen utanom ordinær skuletid.

### § 9 Vurdering i orden og åtfærd

Nokre av høyringsinstansane ønsker at varsel om nedsett karakter i orden og åtfærd bør kommenterast i ordens- og åtfærdreglementet. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner ikkje dette er nødvendig. Dette går fram tydeleg nok i forskrift til opplæringslova i tillegg til dei generelle sakshandsamingsreglane i forvaltningslova.

Nokre av høyringsinstansane skriv at dei ønsker reglar i ordens- og åtfærdreglementet om bruk av russeklede då dette på enkelte skuler påverkar skulemiljøet negativt. Enkelte elevar byrjar allereie på vg1 å førebu seg og bruke russeklede, noko som kan føre til at enkelte elevar føler seg ekskludert. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ønsker ikkje at dette skal regulerast særskilt i ordens- og åtfærdreglementet. Skulane skal arbeide med det generelle skulemiljø på bakgrunn av opplæringslova kapittel 9 A. Russeklede/russetid er eit tema som naturleg bør verte jobba med på skulen. Skulane kan også lage eigne tilleggsreglement som gjeld i skuletida dersom dei meiner dette er nødvendig.

### § 10 Sakshandsaming

Fleire av høyringsinstansane ønsker at saksbehandlingsreglane skal skrivast meir tydeleg framfor å berre vise til lovføresegna i forvaltningsloven. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i at nokre av dei viktigaste sakabehandlingsreglane kan skrivast tydeleg i ordensreglementet, og har lagt til følgjande presiseringar:

- Før det blir tatt avgjerd om tiltak ved brot på reglementet skal eleven ha moglegheit til å forklare seg for den som skal ta avgjerda.
- Skulen skal sørge for at saken er så godt opplyst som mogleg.
- Skulen skal alltid vurdere moglegheit for alternative tiltak.
- Eleven sitt beste skal vurderast.

### § 11 Klage

Ingen kommentarar frå høyringsinstansane.

### § 12 Ikraftsetjing

Ingen kommentarar frå høyringsinstansane.

### §13 Tillegg til ordens- og åtfærdreglementet

Nokre av høyringsinstansane skriv at rektor ikkje bør ha høve til å lage tillegg til ordens- og åtfærdreglementet på eiga hand. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse er einig i at rektor bør involvere elevråd og skuleutval før slike tillegg blir vedtatt.

## Forskrift om felles ordens og åtferdsreglement for Vestland fylkeskommune

### § 1 Heimel

Forskrift om felles ordens- åtferdsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune er fastsett av Hovudutval for opplæring og kompetanse med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9 A-10.

### § 2 Formål

Ordens- og åtferdsreglementet til Vestland fylkeskommune skal vere eit grunnlag for godt samspel mellom alle i skulesamfunnet. Det skal fremje trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremje god orden, god åtferd og gode arbeidsvanar og slik leggje til rette for god læring. Ordensreglementet skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter og til å bygge positive relasjonar mellom elevane og mellom elevar og tilsette. Ordensreglementet gjer det tydeleg kva for sanksjonar som kan nyttas om reglane vert brotne. jf. opplæringslova § 9 A-10 2.ledd.

### § 3 Verkeområde

Reglementet gjeld for alle som er under opplæring ved skulen, også for vaksenopplæringa sine elevar når opplæringa er i skulen sin regi.

Ordens- og åtferdsreglementet gjeld i skuletida. Det vil innebere både timer og friminutt, og alle aktivitetar i skulen sin regi til dømes som ekskursjonar. Også det som skjer i det digitale rom på skulen sitt intranett, skulens arena for sosiale media, undervisningssystem, ved SMS e.l. vert omfatta.

Når det kjem til mobbing eller andre krenkingar, vil grensene mellom skule og fritid kunne viskast ut. Dette gjeld også for mobbing eller andre krenkingar som skjer på skulevegen og/eller i det digitale rom. Sjølv om krenkingane skjer utanfor skulen sitt område og utanfor skuletida, vil desse kunne bli sanksjonert etter skulen sitt ordensreglement dersom krenkingane medfører at elevar opplever skulekvardagen uttrygg og ekskluderande.

### § 4 Elevane sine rettar

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.
- Alle elevar har rett til opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar
- Eleven har rett til å bli høyrte i saker som omhandlar seg sjølv
- Eleven har rett til å ta opp brot på desse rettane med skulen

### § 5 Elevane sine plikter

Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglement og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt.

### § 6 Orden

Elevane skal ha god orden. Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 2.ledd). Om eleven ikkje har god orden kan dette gjere at eleven får nedsett ordenskarakter.

Det er mellom anna god orden å:

- møte presis på skulen og til undervisninga.
- ha skulesakene i orden



- ha med nødvendige læremiddel og utstyr
- gjere arbeid ein blir pålagt til rett tid

### § 7 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Åtferd går på all oppførsel på skulen. Grunnlaget for vurderinga av åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 3.ledd). Om eleven ikkje har god åtferd i skuletida kan dette gjere at eleven får nedsett åtferdskarakter.

Det er mellom anna god åtferd å:

- vise omsyn og respekt for andre
- vise respekt for skulen og andre sine eigendelar

Det er forbode å:

- mobbe, trakassere eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt
- røyke både tobakk, elektroniske sigarettar og snuse på skulens område og ved all aktivitet i skulens regi
- vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulens område og ved all aktivitet i skulens regi
- ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
- fuske eller forsøke å fuske på prøvar eller innleveringar
- ikkje følgje verne- og tryggleiksreglar som læraren krev og/eller er påbodne av arbeidstilsynet.
- bruke internett og elektronisk utstyr til å laste ned materiale i strid med norsk lov
- spreie lyd- og bildeopptak av elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke

### § 8 Sanksjonar

Sanksjonar er tiltak som skal brukast mot elevar som bryt ordensreglementet, jf. opplæringslova § 9 A-10. Det er berre sanksjonane lista opp under som kan verte nytta.

1. Straffbare forhold som skjer på skulen sitt område vil bli melde til politiet.
2. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast jf. opplæringslova § 9 A-10 3. ledd. Nødrett og nødverje kan gjere det naudsynt for skulen sitt personale å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølv eller andre, eller skadar skulen sin eigedom, jf. straffelova § 47 og § 48.
3. Sanksjonar utan klagerett:
  - a) munnleg påtale frå ein tilsett ved skulen
  - b) merknader
  - c) bortvising frå ei opplæringsøkt inntil to timar etter vedtak fatta av faglærer, jf. opplæringslova § 9 A-11
  - d) Midlertidig inndraging av forbodne/farlege gjenstandar som til dømes sigarettar, snus, alkohol, våpen eller narkotika.
4. Sanksjonar med klagerett. Følgjande er enkeltvedtak med klagerett og skal handsamast etter forvaltningslova:
  - a) Bortvising frå undervisninga for meir enn 2 klokketimar jfr. opplæringslova § 9 A-11
  - b) bortvising frå undervisninga i opp til fem dagar etter vedtak fatta av rektor, jf. opplæringslova § 9 A-11
  - c) bortvising for resten av skuleåret etter vedtak fatta av fylkeskommunen ved fylkesdirektør for opplæring, jf. opplæringslova § 9 A-11
  - d) vedtak om skulebyte, jf. opplæringslova § 9 A-12
  - e) bortvising frå eksamen etter vedtak fatta av rektor, jf. forskrift til opplæringslova § 3-36
  - f) annullering av eksamen etter vedtak fatta av rektor, jf. forskrift til opplæringslova § 3-37

5. Ved alvorlege brot på ordensreglementet
  - a) Rektor kan fatte vedtak om bortvising frå undervisninga i opp til fem dagar. Rektor kan i tillegg be fylkesdirektør for opplæring om å vurdere vedtak om å bortvise eleven for resten av skuleåret jf. opplæringslova § 9 A-11. Vedtaket frå fylkesdirektør for opplæring må komme seinast 5 dagar etter rektor sitt vedtak.
  - b) Eleven kan både bli bortvist enten for opp til fem dagar eller resten av skuleåret. I tillegg kan eleven få nedsett karakter i orden eller åtferd.
  
6. Andre reaksjonar som kan nyttast i tillegg
  - a) Ved bevisst skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven, i tillegg til sanksjoner etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg, jf. skadeerstatningsloven § 1-1. Elevar kan gjevast høve til å utbetre skadane sjølv, dersom dette er føremålstenleg.

### § 9 Vurdering i orden og åtferd

Når ein elev vert vurdert i orden og i åtferd skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av eleven opp mot reglane i ordensreglementet over ein lengre tidsperiode. Eleven og foreldra eller føresette har rett på skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd, jf. forskrift til opplæringslova § 3-7.

### § 10 Sakshandsaming

Skulen vil som forvaltningsorgan alltid halde seg til dei generelle sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, i tillegg til dei som går fram av opplæringslova.

Skulen informerer som hovudregel foreldre/føresette til elevar under 18 år om hendingar og reaksjonar.

Skulen skal skriftleg gjere greie for dei sanksjonar eller tiltak dei set i verk. Skulen har ei plikt til å dokumentere kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, jf. opplæringslova § 9 A-4.

Før det blir tatt avgjerd om tiltak ved brot på reglementet skal eleven ha moglegheit til å forklare seg for den som skal ta avgjerda. Skulen skal sørge for at saken er så godt opplyst som mogleg. Skulen skal alltid vurdere moglegheit for alternative tiltak. Eleven sitt beste skal vurderast.

### § 11 Klage

1. Ein klage skal vere skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga over, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.
  - a. Klage over bortvising frå undervisningsøkt på meir enn 2 timar skal sendast til rektor
  - b. Klage over bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor.
  - c. Klage over annullering og bortvising frå eksamen skal sendast til rektor.
  - d. Klage over bortvising for resten av skuleåret skal sendast direkte til fylkesdirektøren for opplæring.
2. Dersom rektor held fast på bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følge, skal rektor sende klagen med utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til fylkesdirektøren for opplæring som klageinstans.
3. Dersom rektor held fast på vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen.
4. Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet og av utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.
  
5. Dei ulike klageinstansane:
  - a. Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
  - b. Ved vedtak om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
  - c. Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er fylkesdirektøren for opplæring klageinstans.
  - d. Ved vedtak om bortvising for resten av skuleåret som er fatta av fylkesdirektøren for opplæring, er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.

- e. Ved vedtak om skulebyte som er fatta av fylkesdirektøren for opplæring, er klageinstans Fylkesmannen.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Ordensreglementet tek til å gjelde frå 1. august 2020 og gjeld til det vert oppheva. Fylkesrådmannen har rett til å gjere mindre endringar for å halde reglementet oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggest fram som meldingar til politisk handsaming i etterkant.

### **§ 13 Tillegg til ordens- og åtferdsreglementet**

Rektor kan i samråd med råd og utval lage tilleggsregler som ikkje er dekte av ordens- og åtferdsreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen. Desse kan ikkje vere i staden for eller i strid med reglementet. Dersom brot på tilleggsreglane kan føre til sanksjonar etter ordensreglement må dette stå i tilleggsreglane. Dette kan gjelde;

- a) Trivsel/skulemiljø
- b) IKT- utstyr og mobiltelefonar
- c) Reiser og skuleekskursjonar
- d) Reglar for bruk av spesialrom som t.d. verkstader, kjøken, laboratorium
- e) Internatreglar
- f) Andre særskilde tilhøve

---

Saknr: 2020/35501-1  
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	16/20	13.02.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	4/20	13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

### Jobbsjansen del B

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver 9,7 mill. kr til Avdeling for Opplæring og kompetanse til gjennomføring av ordninga Jobbsjansen del b etter dei vilkår og retningslinjer som ligg føre i denne saka.
2. For Fylkesutvalet er det viktig at tiltaka i Jobbsjansen del b vert gjennomført etter ein plan, og ein ber om at ein slik plan vert referatsak i junimøtet til Hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse.
3. Fylkesutvalet forventar at planen viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa.

### Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

#### Samandrag

Jobbsjansen del b skal sikre meir grunnskoleopplæring for ungdom i aldersgruppa 16-24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaket høyrer til fylkeskommunen sine nye integreringsoppgåver, og ordninga har gått frå å vere frivillig til å bli ein obligatorisk del av fylkeskommunen sine tiltak. Vestland fylkeskommune har fått 9,7 mill. kr basert på talet på innvandrarar i fylket. Vilkår og retningslinjer for ordninga vert presentert i denne saka. Gjennomføring skal skje etter ein prosjektplan.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld forvalting av *Jobbsjansen del b - meir grunnskoleopplæring til innvandrarungdom*. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen fått overført integreringsoppgåver frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Ei av desse oppgåvene er forvalting av Jobbsjansen del b.

Ordninga skal bidra til betre grunnskoleopplæring for innvandrarungdom i aldersgruppa 16-24 år. Målet er å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring for innvandrarungdom. Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, som til dømes i norsk, høyrer inn under målgruppa. Gjennom ordninga skal ein få betre føresetnader for å fullføre vidaregåande skole.

Jobbsjansen del b er del av regjeringa si satsing med overordna mål om at innvandrarakar skal kome raskt ut i arbeid. Jobbsjansen har gått frå ei ordning der fylkeskommunar kunne søkje, til at alle fylkeskommunane no har fått tildelt midlar basert på talet på innvandrarakar i fylket. Ordninga har såleis gått frå å vere ei frivillig ordning basert på gode søknader frå den einskilde fylkeskommune, til å bli ein obligatorisk del av fylkeskommunen si tiltaksportefølje.

Medan 70 mill. kroner vart sett av til ordninga i 2019 på landsbasis, var summen for 2020 95 mill. kr. Av desse har Vestland fylkeskommune fått 9,7 mill. kr. Berekninga kjem fram i dokumentet *Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2020, Berekningsteknisk dokumentasjon* til Prop. 1 S (2019-2020), grønt hefte:

«Som ein del av regionreforma får fylkeskommunane overført tilskotsmidlane for ordninga Jobbsjansen del B, og rammetilskotet blir auka med 95 mill. kroner. Fylkeskommunane har tidlegare kunna søke om midlar gjennom ordninga. Ordninga skal bidra til at ungdommar med innvandrarakgrunn som ikkje har opparbeidd seg eit godt nok fagleg grunnlag, til dømes tilstreккеlege norskkunnskapar, skal kunne få føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane på bakgrunn av talet på innvandrarakar i dei ulike fylka.»

I høyringsnotat til lov om ny integreringslov vert det vist til at for fleire av oppgåvene som er overført frå IMDi skal det utarbeidast forskrift:

«Videre skal det overføres midler som i dag er knyttet til tre tilskuddsordningar som forvaltes av IMDi. Dette er henholdsvis Jobbsjansen del B, tilskudd til etablereropplæring for innvandrere og tilskudd til mentor- og traineeordningar. Departementet vil regulere fylkeskommunens ansvar for disse temaene i forskrift.»

Slik forskrift ligg per no ikkje føre.

Fylkesrådmannen ser at eit viktig arbeid framover er å sikre at dei ulike tiltaka innan integrering går inn i ein heilskapleg regional politikk for å nå dei nasjonale måla om tidleg overgang til utdanning og arbeid for flyktningar og innvandrarakar. Eit viktig verkemiddel for å nå måla er gode prosjektplanar som igjen vert grunnlag for rapportering.

### Erfaringar med Jobbsjansen del b

Jobbsjansen del B vart etablert gjennom IMDi i 2017 med fylkeskommunane som søkjarar. Samarbeid med kommunar er ei viktig del av ordninga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått midlar til prosjektet *eksamensretta grunnskulefag* sidan oppstart. Sju skular i Sogn og Fjordane er med i prosjektet som dekkjer heile fylket. Dette har vore det einaste tilbodet til målgruppa her. Hordaland fylkeskommune fekk tildelt midlar i 2019 til prosjektet *Kombinasjonsklassar i Hordaland*. Tiltaket hadde utgangspunkt i eit toårig forsøksprosjekt. I tillegg til dette tiltaket med støtte gjennom IMDi, fins det fleire tilbod for målgruppa.

I 2019 fekk dei to fylkeskommunane til saman 9,4 mill. kr. I ordninga slik den var utforma i IMDi, var det føresetnad om eigenfinansiering. Slik føresetnad vert ført vidare for 2020.

Jobbsjansen del b har som statleg tilskotsordning vore gjennom ei ekstern følgjeevaluering. Resultata er publisert i fleire rapportane på IMDi sine heimesider, sjå mellom anna

<https://www.imdi.no/contentassets/fb316e95c2194e8cade1b62bdc263706/en-ny-kurs-for-jobbsjansen.-folgeevaluering-av-jobbsjansen-2017-2019..pdf>.

Sluttrapporten er ikkje ferdig. Gjennomgang av evalueringsrapportar vil vere nyttig verktøy i det vidare planarbeidet.

### Vilkår og retningsliner for Jobbsjansen del b - meir grunnskoleopplæring for innvandrarungdom

Vilkår og retningsliner er innretta med utgangspunkt i:

- Utnytting av dei erfaringane som dei to tidlegare fylkeskommunane har opparbeidd seg og dei strukturar som er på plass med Jobbsjansen del b.
- At det vert føreseieleg for kommunane som allereie er involverte
- At ein kjem raskt i gang med tiltaka for 2020
- Forenkling, men vidareføring av tidlegare vilkår og retningsliner

I samanheng med Jobbsjansen del b, føreset fylkesrådmannen at Avdeling for opplæring og kompetanse legg fram ein prosjektplan som gjer greie for innhald, gjennomføring, budsjett og mål sett i samanheng med vilkår og retningsliner for ordninga slik dei ligg føre i denne saka. I tillegg til dei øyremerkta midlane til Jobbsjansen del b, må avdeling for Opplæring og kompetanse bidra med eigne ressursar, tilsvarende eigenandel i prosjekta for 2019. Dette må kome fram i prosjektomtalen saman med bidrag frå kommunane.

Prosjektplanen vert meldingssak i Hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse i junimøta i 2020.

### Føremål med tilskotsordninga

Hovudmålet med ordninga er å bidra til betre gjennomføring i vidaregåande opplæring for målgruppa 16-24 år. Ordninga skal bidra til at ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, slik som gode nok norskerferdigheiter, skal kunne få betre føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

### Frist

Frist for framlegg av prosjektplan som meldingssak i hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse i junimøtet.

### Retningsliner og vilkår

Det må utarbeidast ein prosjektplan for gjennomføring sett i samanheng med måla for ordninga om betre føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring. Planen må innehalde:

- Omtale av tiltaket, inkludert:
  - Geografisk tilnærming
  - Definisjon av målgruppe og talet på deltakarar
  - Samarbeid med kommunar
  - Organisering
  - Forventa resultat - både kvalitative og kvantitative
  - Budsjett inkludert bruk av eigne ressursar og kommunane sine bidrag

Som vilkår for tildeling av midlane gjeld:

- Tilskotet skal i sin heilskap nyttast til tilbod som vert omfatta av oppl. § 4A-1 andre ledd om meir grunnskoleopplæring for ungdom som ha behov for det.

- Opplæringa bør skje i eit læringsmiljø med ungdom på same alder på ein vidaregåande skole
- Prosjektet skal vere forankra i avdeling for Opplæring og kompetanse sitt planmessige utviklingsarbeid
- Ordinær drift som til dømes skoledrift, drift av kvalifiseringssenter, flyktningkontor eller anna vaksenopplæring m.m. skal ikkje dekkast av midlane. Midlane kan heller ikkje brukast til investeringar og anskaffingar som inngår i ordinær drift.

### Oppfølging og rapportering

Før tildeling for 2021 må det ligge føre rapport med vurdering av måloppnåing for midlane for 2020.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Midlar til Jobbsjansen del b vart overført i ramma til fylkeskommunen i 2020-budsjettet. I tillegg ligg det føre forventning om bruk av eigne ressursar tilsvarande for gjennomføring av 2019-midlane.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Kunnskap og utdanning er ein viktig del av eit menneske si deltaking i samfunn

**Regional planstrategi:** Jobbsjansen del b inngår som eit viktig verkemiddel i fleire av FNs berekraftsmål som er grunnleggjande for regional planstrategi.

### Konklusjon

Jobbsjansen del b er eit viktig verkemiddel i fylkeskommunen sine arbeidsoppgåver knytt til integrering, og inngår direkte i fylkeskommunen sin visjon om å vere berekraftig og nyskapande. Det å gi tilbod om ekstra grunnskoleopplæring, skal sikre at flyktningar blir kvalifisert til vidare utdanning og seinare jobb. Vellukka satsing skjer gjennom målretta planlegging.



---

Saknr: 2020/36138-1  
Saksbehandlar: Hanne Espe

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	17/20	13.02.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	5/20	13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

## Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2020-23

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Vestland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Vestland 2020-2023.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 450.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for 2020. Løyvinga skal først over budsjettpost 460100 «Tilskot til idrettsarbeid».

### Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

#### Samandrag

Prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» skal vere eit tilbod som hovudsakeleg rettar seg mot elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, og lærarar og andre tilsette i den vidaregåande skulen. Hovudmålet er å gje unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dopingbruk og bygge opp under ein tydeleg nulltoleranse til dopingbruk i sine lokalmiljø innan idretten og i samfunnet elles. I tillegg er målet å auke kunnskapen knytt til dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper som blant andre helsepersonell, ungdomsarbeidarar, planleggjarar i kommunane og pårørande. Det er lagt opp til evaluering av prosjektet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Prosjektrapport 1.08.2018 - 31.12.2019
- 2 Avtale mellom Vestland fylkeskommune og Antidoping Norge 2020-23
- 3 Handlingsplan 2020-23

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektet «Mobilisering mot doping» er forankra i Regional kulturplan i Hordaland (2015-25) og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane (2019-2027). Nasjonalt er det forankra i Meld. St. nr 30 (2011-2012) «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk» og i Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn

Prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» skal vere eit tilbod som hovudsakeleg rettar seg mot elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, og lærarar og andre tilsette i den vidaregåande skulen. Tiltaka vil bli sett i samheng med arbeidet den organiserte idretten gjer. Hordaland fylkeskommune har sidan 2014 vore ein av fire fylkeskommunar som deltek i programmet «Lokal mobilisering mot doping». Erfaringar frå samarbeidet er teke med i den nye avtalen og prosjektplanen for Vestland fylkeskommune.

Helsedirektoratet løyver midlar til Stiftinga Antidoping Norge til dette arbeidet. Det er krav om 50% eigenfinansiering. Fylkestinget i desember 2019 løyvde kr 450.000 til ei 100% stilling i perioden 2020 - 2023. Fylkeskoordinatoren er tilsett i Antidoping Norge og vil arbeide med informasjons- og førebyggjande tiltak i Vestland ut frå avtale og aktivitetsplan. I tillegg bidreg avdeling for kultur, idrett og inkludering, avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for strategisk utvikling og digitalisering. Det er etablert ei styringsgruppe med representantar frå ulike avdelingar i Vestland fylkeskommune, Vestland Idrettskrets og Stiftinga Antidoping Norge. Avtalen varar frå 14. januar 2020 til 31. desember 2023. Samarbeidsperioden avdekkjer trong for årleg løyving på kr 450.000 for åra 2021-2023.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkestinget løyvde kr. 450.000 i desember 2019 til stilling i 100% for 2020. Prosjektperioden avdekkjer trong for løyving på kr 450.000 for åra 2021-2023.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval. Regjeringa vil mobilisere mot doping m.a. ved at Helsedirektoratet styrkar samarbeidet med Antidoping Norge.

**Regional planstrategi:**

Antidoping Norge skriv m.a. i sin årsrapport; *Trening skal være sunt og helsefremmende. Samtidig finnes det treningsmiljøer over hele landet der utseendet er en sterkere drivkraft enn sunnhet og velvære, og hvor jakten på en fettfri og muskuløs kropp kan føre til usunne treningsregimer, inntak av store mengder kosttilskudd eller bruk av ulovlige og potensielt helseskadelige dopingmidler. Dopingbruk må betraktes i et perspektiv hvor livsmestring, press og psykisk helse står sentralt, og hvor konsekvensene kan være fysiske og psykiske problemer, frafall fra skolen og kriminalitet. Det er flott at unge trener regelmessig, men vi har alle et ansvar for å legge til rette for trygge og helsefremmende treningsmiljøer med nulltoleranse for dopingbruk, i hele landet (...) Det er nødvendig at fagpersoner som møter ungdom hever sitt kunnskapsnivå om tematikken, slik at de får kompetanse til å håndtere og forebygge mot dopingbruk på linje med andre utfordringer knyttet til ungdom og oppvekst. Samtidig må vi jobbe for å bygge robuste ungdommer som har tro på seg selv og som tar gode valg for egen helse. Gjennom et bredt helsefremmende og forebyggende arbeid, ønsker vi å legge til rette for at unge avstår fra bruk av doping og tvilsomme kosttilskudd, og heller velger ren og sunn trening med fornuftig progresjon og realistiske målsettinger.*

Det forebyggjande antidopingprogrammet Lokal mobilisering mot doping er forankra i Regional kulturplan for Hordaland (2015- 25). Under innsatsområde idrett står det; Utfordringar knytt til doping har fått ekstra fokus gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen knytt mot dei vidaregåande skulane i fylket (s. 97). I regional plan for kultur i Sogn og Fjordane (2019-2027) ligg det følgjande punkt i handlingsprogrammet: Stimulere antidopingarbeid, spesielt med vekt på haldningsskapande arbeid i dei vidaregåande skulane, og vurdere å etablere avtale mellom Antidoping Norge og fylkeskommunen.

Gjennom «Mestre hele livet» - Regjeringa sin strategi for god psykisk helse (2017-2022) ønsker regjeringa å tydeleggjer livskvalitet og meistring som viktige delar av det psykisk helsefeltet. Strategiane bygger på den nære samanhengen mellom psykiske lidningar og rusproblem, rus-tenestene og tiltak for vidare utvikling er nærare omtalt i St.prp. 15 S (2015- 2016): Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020). I Meld. St. nr 30 (2011-2012) «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk» framlagt av Helse- og omsorgsdepartementet heiter det at informasjon og haldningsskapande arbeid er viktige førebyggjande tiltak i innsatsen mot doping. I Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval.

Idrettscampus Bergen har antidoping som eitt av ti prioriterte satsingsområde. I dette samarbeidsprosjektet står åtte sterke aktørar saman for å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse.

Gjennom ein systematisk og felles mobilisering mot doping kan relevante aktørar i Hordaland og Antidoping Norge setje fokus på dagens kroppsideal med tilhøyrande dopingbruk og arbeide for heilskaplege og koordinerte løysingar på tvers av samfunnssektorar. Arbeidet vil vere basert på nasjonal og regional politikk for å mobilisere mot dopingbruk i ungdomsmiljøa. Det er vanskeleg å måle førekost av doping, men nasjonale tall antydar at det er kring 2-3 % som brukar dopingmidlar. I ei undersøking blant unge mellom 15-25 år, utført for Antidoping Norge, svarar 8 % at det er greitt å bruke dopingmidlar for å gå ned i vekt. 7 % svarar det er greitt å bruke dopingmidlar for å auke muskelmassen. Dette kan tyda på at det er ei aukande sosialt aksept for bruk av dopingmidlar. Dette synleggjer behovet for tidleg intervensjon i dei vidaregåande skulane, for å forhindre framtidig dopingbruk. Antidoping Norge er ei uavhengig stifting som er oppretta av Norges idrettsforbund og Kulturdepartementet. Antidoping Norge arbeider for ein rein idrett og eit dopingfritt samfunn. Samarbeidsmodellen lokal mobilisering mot doping er tilknytt stiftinga, avdeling for førebygging og folkehelse. Samarbeidet sikrar at det drivast eit omfattande, systematisk og tverrfagleg antidopingarbeid innanfor ein geografisk region. Det kjenneteiknast av ei lokal forankring, kunnskapsheving, samarbeid og implementering av ADNOs rikholdige verktøykasse.

## Konklusjon

### Prosjekt mål

Hovudmålet med programmet er å gje unge menneske i Vestland tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dopingbruk og bygge opp under ein tydeleg nulltoleranse til dopingbruk i sine lokalmiljø innan idretten og i samfunnet elles. I tillegg er målet å auke kunnskapen knytt til dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper. Måla er skildra i aktivitetsplanen.

### Ansvar og roller

Fylkeskommunen vil gjennom denne avtalen delfinansiere prosjektet «lokal mobilisering mot doping», der ein fylkeskoordinator tilsett i Antidoping Norge vil arbeide med informasjons- og førebyggjande arbeid i Vestland. Fylkeskoordinatoren vert tilsett i ein 100 prosents stilling med oppstart 14. februar 2020. Samarbeidet mellom Vestland fylkeskommune og Antidoping Norge vert finansiert i høve til budsjett i vedlagte prosjektplan. Innan 1. mai kvart år skal Antidoping Norge legge fram rekneskap for prosjektet. Fylkeskoordinatoren vil fungere som sekretær/administrasjon for styringsgruppa, som skal møtast 2-4 gonger i året. Etter uttale frå styringsgruppa kan partane bli samde om å justere aktivitetsplanen. Partane kan seie opp avtalen med 6 månaders varsel.

### Evaluering og vidareføring

Fylkeskoordinator har utarbeidd oversikt over gjennomførte tiltak i perioden august 2018 - desember 2019. Denne ligg som vedlegg til saka. Vedlagt er også notat om vidareføring av arbeidet i komande periode. Samarbeidet vil ha følge-evaluering og slutt-evaluering for å sikre kunnskap og for å eventuelt kunne korrigere prosjektplan og byggje ny kunnskap om førebyggjande arbeid. Antidoping Norge vil legge til rette for opplæring i antidopingarbeid og gjere tilgjengeleg verkemidlar som kan nyttas i det førebyggjande arbeidet i Vestland også etter samarbeidet er avslutta.



# LOKAL MOBILISERING MOT DOPING

## PROSJEKTRAPPORT SAMARBEID MELLOM ANTIDOPING NORGE (ADNO) OG HORDALAND FYLKESKOMMUNE

01.08.18 – 31.08.19

### Bakgrunn

Antidoping Norge (ADNO) er ei uavhengig stifting oppretta av Norges Idrettsforbund og Kultur- og kyrkjedepartementet. ADNO jobbar for ein rein idrett og eit dopingfritt samfunn.

Samarbeidsmodellen *lokal mobilisering mot doping* er tilknytt stiftinga, avdeling for førebygging og folkehelse. I regional kulturplan for Hordaland, 2015-2025 (kap.37 Idrett, s.97) understreka det at doping er eit område det vert satsa på: «*Utfordringar knytt til doping har fått ekstra fokus gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen knytt mot dei vidaregåande skulane i fylket*». Viktigheita av arbeidet støttast også av Meld.st 19 Folkehelsemeldinga (2018-2019). ADNO og Hordaland fylkeskommune (HFK) har samarbeidd om ei førebyggjande mobilisering mot doping i to tidlegare periodar, 2014-2015 og 2016-2018. Denne rapporten tek for seg aktiviteten som er gjort i perioden 01.08.19 til 31.12.19. Rapporten byggjer på tiltak nedskrive i handlingsplan *lokal mobilisering mot doping Hordland fylkeskommune 2018-2020*.

Føremålet med samarbeidet *lokal mobilisering mot doping*, har vore å gje unge menneske føresetnader for å ta avstand frå dopingbruk, og sjølv kunne handtera risikofaktorar for dopingbruk, og såleis redusera dei fysiske-, psykiske- og samfunnsmessige konsekvensane som følgje av dopingbruk blant ungdom. Samstundes har fokuset vore at fagleg tilsette ved vidaregåande skular i Hordaland og andre relevante yrkesgrupper skal ha fått auka kunnskap om doping og tilhøyrande problematikk, og vite kor dei kan venda seg for å få hjelp/behandling og meir informasjon.

### Organisering

Ein fylkeskoordinator har vore tilsett i ein 60 % stilling for å utøva og koordinera det forebyggjande- og informasjonshevande arbeidet. Lokal mobilisering mot doping har vore samfinansiert med midlar dels frå fylket, og dels frå ADNO gjennom driftstilskott frå helsedirektoratet. I tillegg har fylkeskoordinator hatt ei 20 % stilling knyta til sentrale arbeidsoppgåver internert og finansiert av ADNO sentralt. ADNO har hatt fag- og personalansvar for fylkeskoordinatoren.

For å forankra arbeidet lokalt, blei det etablert ei styringsgruppe som har leia og støtta opp under arbeidet. Styringsgruppa har fungert som lokale ressurspersonar og gjort det førebyggjande arbeidet mogleg i regionen. Styringsgruppa har bestått av følgjande personar:

- Fredrik Lauritzen, avdelingsleiar for førebygging og folkehelse i ADNO.
- Tor Helge Myhre, fylkeskoordinator i ADNO/fylkeskommunen.
- Knut Songve, organisasjonssjef i Vestland idrettskrins.



- Britt Karen spjeld, fylkesidrettsjef i Vestland FK.
- Hanne Espe, spesialrådgjevar kultur, idrett og inkludering i Vestland FK.
- Anne Mette Nesje Porten, Seniorrådgjevar strategisk utvikling og digitalisering i Vestland FK.
- Venke Barrikmo, opplæringsavdelinga i Vestland FK.

## Aktivitet

Her følger ei oppsummering av tiltaka som har vorte gjennomført i perioden 01.08.18 – 31.12.19.

### Vidaregåande skular

Tilbodet om undervisinga gjekk ut til alle skulane og har vore kostnadsfritt. Innverande samarbeidsperiode har det vore eit ekstra fokus på dei yrkesfaglege studieretningane. Dialog med skulane genererast i stor grad gjennom fylkeskoordinatorens nettverk og evne til byggja nettverk undervegs. Følgjande 19 skular fått elevforedrag i perioden<sup>1</sup>:

Bergen Katedralskule, Knarvik Vgs, Stord Vgs, Langhaugen Vgs, Slåtthaug Vgs, Rubbestadneset Vgs, Fyllingsdalen Vgs, Bergen Maritime Vgs, Austevoll Vgs, Kvinnherad Vgs, Åsane Vgs, Osterøy Vgs, Os Vgs, Sotra Vgs, Kvam Vgs, Fusa Vgs, Sogndal Vgs, Flora Vgs og Firda Vgs.

### Rein skule

Hausten 2019 vart den første sertifiseringa av ein *rein skule* gjennomført i Hordaland (<https://www.hordaland.no/nn-NO/skole/slatthaugvgs/artikkelarkiv/slatthaug-vgs-sertifisert-som-rein-skole/>). Slåtthaug vidaregåande skule har implementere førebyggjande antidopingarbeid i ei rekkje fag, på den måten har det førebyggjande arbeidet blitt implementert i den daglege undervisninga. Det er eit positivt signal til arbeidet som vert lagt ned, då dette er ei sertifisering som heng høgt. Kun 8 skular nasjonalt innehar sertifiseringa som *rein skule*.

### Kompetanseheving

Fylkeskoordinator har gjennomført kompetansehevande foredrag for ei rekkje yrkesgrupper i dei vidaregåande skulane, blant anna for lærarar, elevtenesta, helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar. Ei sentral del i kompetansehevinga har vore å gi yrkesgruppene verktøy til å implementera det førebyggjande arbeidet i undervisninga, gjennom e-læringsverktøyet rein elev (<https://www.antidoping.no/forebygging/ren-elev>) . Følgjande 11 skular har fått opplæring og kompetanseheving:

Bergen Katedralskule, Stord Vgs, Slåtthaug Vgs, Rubbestadneset Vgs, Åsane Vgs, Stend Vgs, Metis Vgs, Nordahl Grieg Vgs, Osterøy Vgs, Bergen Maritime Vgs, Sotra Vgs.

Det har også vore tiltak retta mot ei breitt spekter av yrkesgrupper utanfor dei vidaregåande skulane:

- Sofaprat på litteraturhuset i Bergen med tema *kropp og kroppsmisnøye blant ungdom* i saman med idrettscampus Bergen, link: [https://www.youtube.com/watch?v=FZYkTy5ROvc&feature=emb\\_logo](https://www.youtube.com/watch?v=FZYkTy5ROvc&feature=emb_logo).

---

<sup>1</sup> Nokre skular har blitt besøkt fleire gonger. Skular som hadde foredrag hausten 2018, fekk foredrag hausten 2019. Tal på skular besøkt, representerer derfor ikkje tal på mengde foredrag.



- Foredrag på foreldremøte for Vg1-Vg3 ved Slåtthaug Vgs.
- Foredrag og praktisk undervisning i Rein trening under *nettverkssamling for kroppsøvlingslærarar Stord 07.08.19.*
- Kveldsseminar med tema doping og rusmidlar i kultursalen i Sotra, for innbyggjarar i Fjell kommune.
- Foredrag for folkehelsekontakter i Hordaland på nettverkssamlinga *erfaringsamling for folkehelsekontaktar i Hordaland.*
- Foredrag for innsette og tilsette ved Bjørgvin og Bergen fengsel.
- Stand folkehelsekonferanse i Bergen 16.10.18.
- Deltatt på trepartssamarbeidsmøter mellom ADNO, politi og treningssentera på Askøy/Sotra og på Voss.

## Kommunar

Det har vore dialog med fleire kommunar innverande samarbeidsperiode, og fylkeskoordinator har gjennomført tiltak i nokre kommunar som eit ledd i satsinga ut mot kommunane. Det er eit mål at kommunar i fylket skal inngå kommunale samarbeidsavtaler med ADNO.

- Foredrag for foreldre, lærarar og elevar ved Meland ungdomsskole.
- Foredrag for elevar ved Øygarden ungdomsskule i samanheng med psykisk helseuke.
- Presentasjon av kommunalt samarbeid for Askøy kommune.
- Oppretta dialog med SLT-koordinatorar i regionen for å informere om lokal mobilisering mot doping.

10.01.20 inngjekk Askøy kommune ei kommunal samarbeidsavtale med ADNO *lokal mobilisering mot doping* (<https://askoy.kommune.no/nyheter/samarbeider-med-antidoping-norge>). Dette er den første kommunen i Vestland FK som inngår ei slik avtale. ADNO har totalt 14 kommunale samarbeid i Noreg per 10.01.20.

## Media dekning

Under følgjer nokre utvalde saker frå media kor arbeidet vert omtala:

- Sak på 21-nyheitene på Tv2 16.09.19 om doping og førebygging relatert til Slåtthaug Vgs og Rein Skule: <https://www.tv2.no/v/1494635/>
- Nyheitsak i lokalavisa Strilen 31.03.19: <https://www.strilen.no/nyheiter/i/lAneJA/debuten-skjer-ofrast-tidleg-i-20-aara>
- Kronikk i BT 07.02.19 av Tor Helge Myhre og Fredrik Lauritzen: <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/oRrwpV/et-dopingfritt-samfunn-starter-i-lokalmiljoene>



## Oppsummering aktivitet 01.08.18 – 31.12.19

	Tal Tiltak	Tal Tilhørarar
Skuleforedrag	76	3907
Kompetansehevande foredrag	29	866
Møter og liknande	28	131
<b>Totalt</b>	<b>133</b>	<b>4904</b>

## Evaluering

I etterkant av foredraga får tilhøyrarane moglegheit til å svare på ei kort elektronisk spørjeundersøking via mobil, vedrørande korleis dei oppfatta føredragshaldar og innhaldet i føredraget. Oppslutning viser at tema er noko som engasjerer, godt over 90% svarar i positiv retning.

Spørsmål	Einig/heilt einig	Verken eller	Ueinig/heilt ueinig
Føredragshaldar opplevast som fagleg kompetent	95 %	1 %	4 %
Føredragshaldar var god til å formidle stoffet	97 %	2 %	1 %
Det var lett å forstå innhaldet i føredraget	96 %	2 %	2 %
Alt i alt var det eit nyttig føredrag	91 %	7 %	2%

\*Data henta frå Survey-xact, N= 855. (Både elevar og yrkesgrupper).

## Vegen vidare

Det er ønskjeleg at fylkeskoordinator i ny samarbeidsperiode skal fungera som ein regional ressursperson knyta opp mot det førebyggjande antidopingarbeidet i Vestland fylke. Gjennom ei 100% stilling mogleggjer dette nye og fleire tiltak, og gjer det mogleg å ekspandera arbeidet. Lokale aktørar som til dømes Idrettscampus Bergen vert nyttig inn i den nye samarbeidsperioden. Det er ønskjeleg å fortsetta å auka fokuset på å få med fleire kommunar i Vestland fylke. Forslag til ny handlingsplan for samarbeidsperiode 2020-2023 er lagt ved, og vert vedtatt av styringsgruppa ved neste møte.

Spørsmål om rapporten og arbeidet kan rettast til:

Fylkeskoordinator, Tor Helge Myhre.

[Torhelge.myhre@antidoping.no](mailto:Torhelge.myhre@antidoping.no) / 90881480.







SAMARBEIDSAVTALE OM  
LOKAL MOBILISERING MOT DOPING  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE 2020-2023



## 1. Innledning

Antidoping Norge (ADNO) er en uavhengig stiftelse opprettet av Norges idrettsforbund og Kultur- og kirkedepartementet. ADNO jobber for en ren idrett og et dopingfritt samfunn. Samarbeidsmodellen *Lokal mobilisering mot doping* er tilknyttet stiftelsens avdeling for forebygging og folkehelse.

Fra 1. januar 2020 ble Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slått sammen til Vestland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har tidligere samarbeidet med ADNO om forebyggende antidopingarbeid henholdsvis i periodene 2013-2015, 2016-2018 og 2018 til dags dato. Den 18.12.2019 vedtok fylkestinget i nye Vestland fylkeskommune å bevilge 450 000 kroner til samarbeid om *Lokal mobilisering mot doping* i det nye fylket for 2020. Samarbeidet vil baseres på erfaringer fra tidligere samarbeid mellom partene.

Vestland fylkeskommune vil gjennom denne avtalen delfinansiere samarbeidet.

## 2. Mål og innsatsområder

Gjennom gjensidig forpliktende samarbeid mellom fylkeskommunen og ADNO, skal det drives et helhetlig antidopingarbeid i Vestland fylke. Dette inkluderer, men er ikke begrenset til planarbeid, tverrfaglig samarbeid, forebyggende tiltak rettet mot unge og kompetanseheving blant fagpersoner.

Overordnet formål med samarbeidet er å stimulere til- og legge til rette for trygge og helsefremmende treningsmiljøer uten doping.

Tiltakene som skal gjennomføres vil i hovedsak ha et folkehelseperspektiv og rette seg mot videregående opplæring. Sentrale målgrupper er elever i videregående opplæring, lærere og andre ansatte ved videregående skoler, samt relevante fagpersoner i kommunene. Det vil også gjennomføres tiltak på andre arenaer i fylket hvor det er naturlig med et forebyggende- og helsefremmende antidopingarbeid.

Mål, innsatsområder og aktiviteter beskrives i årlige handlingsplaner.

## 3. Varighet

Avtalen løper fra 14. februar 2020 til 31. desember 2023. Eventuelt videre samarbeid utover dette avtales mellom partene.

## 4. Organisering

Det etableres en ny styringsgruppe for samarbeidet bestående av representanter fra fylkeskommunen og ADNO. Andre aktører kan innlemmes i styringsgruppen ved behov. Styringsgruppen vedtar og følger opp handlingsplanen for arbeidet.

En fylkeskoordinator i 100% stilling vil initiere, koordinere og gjennomføre forebyggende antidopingarbeid i fylket i henhold til handlingsplanen. ADNO har arbeidsgiveransvaret for fylkeskoordinatoren. Vestland fylkeskommune har ansvar for å skaffe kontorplass til fylkeskoordinatoren. Fylkeskoordinatoren vil fungere som sekretær/administrator for styringsgruppen, som møtes to til fire ganger i året.



SAMARBEIDSAVTALE OM  
LOKAL MOBILISERING MOT DOPING  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE 2020-2023



## 5. Økonomi

Samarbeidet finansieres gjennom midler fra fylkeskommunen og ADNO. Det beregnes 3 % årlig prisstigning. ADNO fakturerer fylkeskommunen årlig etter følgende oversikt:

- 1.4.2020: 450 000 kroner
- 1.4.2021: 463 500 kroner
- 1.4.2022: 477 400 kroner
- 1.4.2023: 491 700 kroner

Fylkeskommunen dekker kostnader knyttet til kontorlassen.

## 6. Endringer i tiltaksplan

Etter avtale mellom partene kan innholdet i tiltaksplanen justeres. Dette skal avklares i styringsgruppen.

## 7. Oppsigelse

Ved vesentlig mislighold kan begge parter skriftlig si opp avtalen med umiddelbar virkning. Før avtalen heves skal det gjennomføres drøftingsmøte.

Denne avtalen erstatter andre avtaler mellom ADNO og Hordaland fylkeskommune.

## 8. Tvister

Tvister i forbindelse med gjennomføring og/eller forståelse av denne avtale skal søkes løst gjennom forhandlinger mellom partene. Eventuelle tvister som ikke løses mellom partene skal avgjøres ved de alminnelige domstoler, med Oslo som avtalt vernetting.

---

Sted/dato

---

Sted/dato

---

Vestland fylkeskommune

---

Stiftelsen Antidoping Norge

## LOKAL MOBILISERING MOT DOPING – VESTLAND FK 2020 - 2023

### Føremålet med samarbeidet

Føremålet med samarbeidet *lokal mobilisering mot doping*, er å gje unge menneskjer forutsetningar til å ta avstand frå dopingbruk, og sjølv kunne handtera risikofaktorar for dopingbruk, og såleis redusera dei fysiske-, psykiske- og samfunnsmessige konsekvensane som følge av dopingbruk blant ungdom.

### Mål og innsatsområde for samarbeidet

Hovudmålsetjingar:

- Bidra til at fagpersonar og andre vaksenpersonar har nok kunnskap til å jobba førebyggjande og systematisk mot doping på tvers av instansar.
- Bidra til at antidopingarbeidet forankrast i lokalt og regionalt planverk, og følgeleg inkluderast i ordinært førebyggjande folkehelse-arbeid i kommune og fylke.
- Vektlegge ei brei tilnærming til dopingproblematikken i møte med ungdommar.
- Informere om lovar og reglar, verknad og biverknader, gi dei forståing av rein trening og alternative løysningar knytta til doping, gi informasjon om risiko og behov for kosttilskot, og gjera ungdommar betre rusta til å gjenkjenna risikofaktorar og risikofylte livssituasjonar frå eiga liv og nærmiljø. På den måten skapa robuste ungdommar som vel å ta avstand frå dopingbruk.

Innsatsområder:

- Når samarbeidet er gjennomført, skal fagleg tilsette og skuleklasser ved vidaregåande skular i Vestland ha fått auka kunnskap om doping og tilhøyrande problematikk, og vite kor dei kan henvenda seg for å få hjelp/behandling og meir informasjon.
- Relevante yrkesgrupper skal ha grunnleggjande fagkunnskap om doping og tilhøyrande problematikk slik at de kan fange opp eit begynnande misbruk tidleg, vera ein god diskusjonspartner for unge i disse sakene og bidra til å etablera gode haldningar ovanfor ungdom om antidoping, kropp og helse.
- Samarbeidet skal bidra til å styrke tverrsektorielt dialog på dopingfeltet mellom relevante samfunnsaktørar som til dømes politimyndigheiter, helsearbeidarar, ungdomsarbeidarar, høgskule og universitetssektor, idrettscampus Bergen og andre aktørar i fylket.
- Samarbeidet skal bidra til at fleire kommunar får antidoping som tema inn i egne kommunale planer. Dette arbeidet organiserast og utførast sentralt frå Antidoping Norge (ADNO) sin forebyggjande avdeling, men fylkeskoordinator skal påverka kommunar til å inngå samarbeid.
- Samarbeidet skal legge til rette for at treningssentera i Vestland tek aktivt avstand frå doping. Arbeidet mot treningssentera organiserast og utførast av ADNOs sentraladministrasjon og finansierast i sin heilheit av sentra sjølv.
- Samarbeidet skal bidra til å auka innsatsen mot doping i organisert idrett i fylket. Dette arbeidet organiserast og utførast av ADNOs sentraladministrasjon og Vestland idrettskrins, og er utanfor fylkeskoordinatorens mandat.

## Tiltak

Fylkeskoordinatoren sin oppgave er å planlegge, gjennomføre og evaluere helsefremmande- og førebyggjande tiltak i et helse- og samfunnsperspektiv. Fylkeskoordinator skal fungera som ein regional ressursperson knyta opp mot det førebyggjande antidopingarbeidet i regionen. Andre tiltak kan inkluderast ved behov og ønskje frå styringsgruppa. Fylkeskoordinatoren nyttar relevante fagressursar frå ADNO der han meiner det er nødvendig.

<b>1. VIDEREGÅANDE SKULAR</b>
1.1 Besøke alle dei 44 offentlege vidaregåande skulane i løpet av perioden. <ul style="list-style-type: none"><li>- Prioritera skular som ikkje har fått besøk av fylkeskoordinator.</li><li>- Sørge for kontinuitet og integrera undervisninga inn i årshjulet på Vg1.</li><li>- Skrive besøksrapport etter kvart skulebesøk og foredrag.</li></ul>
1.2 Alle 44 skulane skal ha fått informasjonsskriv om førebyggjande antidopingarbeid.
1.3 Få minimum 4 nye skular sertifisert som Rein Skule. <ul style="list-style-type: none"><li>- Delmål: 1 sertifisering per år</li></ul>
1.4 Vera til stades på relevante temadagar på skulane, som til dømes: psykisk helseuke og aktivitetsarrangement.
1.5 Evaluera tiltak som vert gjennomført i samarbeidsperioden.
<b>2. KOMPETANSEHEVING</b>
2.1 Gjennomføre fagsamlingar for spesifikke yrkesgrupper som faller inn under den vidaregåande skulen, til dømes: <ul style="list-style-type: none"><li>- Elevhelsetenesta, helserådgjevarar og lærarar.</li></ul>
2.2 Kompetanseheving for andre yrkesgrupper, til dømes: <ul style="list-style-type: none"><li>- Folkehelsekoordinator, SLT-koordinatorar, helse og sosialarbeidarar, ungdomsarbeidarar.</li></ul>
<b>3. KOMMUNAR</b>
3.1 Få med 4 nye kommunar i løpet av samarbeidsperioden, der Bergen kommune er ei av dei 4. <ul style="list-style-type: none"><li>- Delmål: 1 kommune per år.</li></ul>
<b>4. TVERRSEKTORIELT SAMARBEID</b>
4.1 Styrka kontakten med Idrettscampus Bergen og sjå på moglegheiter for samarbeid, då doping er 1 av deira 10 satsingsområde.
4.2 Arrangere 1 regionalt antidopingseminar i løpet av samarbeidsperioden.

---

Saknr: 2020/36638-1  
Saksbehandlar: Linda Farestveit

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	6/20	13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

### Organisering av fagskulane i Vestland

Forslag til innstilling

1. Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane vert éin eining frå 01.01.2021.
2. Prosjektnamnet Fagskolen i Vestland vert nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre for den samla fagskolen 09./10.06.2020

### Samandrag

Gjennom delprosjekt 1.8 Fagskule som vart handsama av administrasjonsutvalet 26.11.2019 vart det tilrådd å slå saman dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune til éin fagskule frå 01.01.2021. Dei siste åra har det vore ein nedgang i talet på fagskular, frå 111 i 2013 til 72 fagskular hausten 2019, som ei følgje av samanslåingar til større einingar både ved offentlege og private fagskular. Samanslåingar av fagskular er i tråd med tilrådinga i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning for å styrke fagmiljøa og den administrative kapasiteten ved fagskulane. Ein samla fylkeskommunal fagskule i Vestland vil kunne vere ein betydeleg regional utviklingsaktør som kan tilby fagskuleutdanning og etter/vidareutdanning som er fleksible og legg til rette for å kombinere arbeid og kompetanseheving i heile regionen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Sluttrapport DP 1.8

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom delprosjekt 1.8 Fagskule som vart handsama av administrasjonsutvalet 26.11.2019 vart det tilrådd å omorganisere dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune til éin fagskule frå 01.01.2021.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som skuleeigar som har kompetanse til å vedta ei samanslåing av fagskulane. Jf. kommunelova har fylkestinget kompetanse til å sette ned eit styre for fagskulen. Styret for ein fagskule har kompetanse til å tilsetje rektor jf. lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 12, og er fagskulen sitt øvste styringsorgan jf. § 9.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det må bereknast noko meirkostnad knytt til samanslåingsprosessen.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Eit breitt tilbod av høgare yrkesfaglege utdanningar kan gi fleire yrkesfaglege karrierevegar i regionen. Samanheng mellom utdanning og folkehelse er godt dokumentert.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune er ikkje vedteken.

### Fagskulesektoren i endring

Fagskuleutdanning er definert som høgare yrkesfagleg utdanning gjennom ny fagskulelov fastsett 01.07.2018 og er på nivå over vidaregåande opplæring i utdanningssystemet. Ei fagskuleutdanning skal ha eit omfang på minimum 30 til 120 studiepoeng og skal gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak.

Det er gjort store endringar i fagskulesektoren dei siste åra som følgje av stortingsmeldinga *Fagfolk for framtiden - Fagskuleutdanning*, Meld. St. 9 (2016-2017). Mellom anna er fagskulepoeng gjort om til studiepoeng, fagskular har fått rett, men ikkje plikt, til å vere medlem i ein studentsamskipnad, og studentane sine rettar og pliktar er styrka og harmoniserte i høve til universitets- og høgskulelova. I tillegg skal fagskular frå 01.08.2019 ha eit studentombod, og frå og med 2020 skal offentlege fagskular vere med i Samordna optak.

I 2018 vart det etablert ei ny finansieringsordning der fagskuleutdanningar vert finansierte med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %). Tilskotet går til fylkeskommunane som er ansvarlege for å fordele tilskot på bakgrunn av lokalt, nasjonalt og regionalt kompetansebehov. Gjennom den nye finansieringsordninga er det også etablert ei årleg tilskotsordning med midlar til kvalitetshevande tiltak som fagskular kan søkje på. Det er Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) som forvaltar denne ordninga. Gjennom statsbudsjettet vil det også kunne vere mogleg å få auka grunntilskotet i fylket med nye studieplassar. I 2018 vart det gjeve til saman 638 nye studieplassar til fylkeskommunane, og i 2020 vart det tildelt 100 nye studieplassar over statsbudsjettet til fylkeskommunane. Fagskulereforma skal evaluerast midtvegs etter 3 år, og deretter sluttevaluert etter 5 år. På bakgrunn av dette vil Kunnskapsdepartementet sette i gang ei midtvegs-evaluering av fagskulereforma i 2020. Regjeringa har som ambisjon å auke talet på personar med ei fagskuleutdanning dei neste åra, men det er ikkje laga ein opptrappingsplan for dette.

Vidare ønskjer regjeringa at det skal utviklast meir fleksible og korte fagskuletilbod gjennom bransjeprogram. Det vart lyst ut om lag 30 mill. kr gjennom bransjeprogramma i 2019, og dette er ei oppfølging av ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning som 2. mars 2019 leverte NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling - Livslang læring for omstilling og konkurranseevne*. Fagskolen i Hordaland fekk midlar til to program; eitt innan velferdsteknologi og eitt innan tekniske fag. Desse tilboda skal vere modulbaserte, og det er gjeve dispensasjon til å søkje NOKUT om å opprette utdanningar som er mindre enn 30 studiepoeng i omfang. Dette er noko arbeidslivet etterspør og kan føre til at det vert gjort ei lovendring slik at fagskular kan utvikle utdanningar som har eit omfang på mindre enn 30 studiepoeng.

Det har vore ein nedgang i talet på fagskular dei siste åra, frå 111 i 2013 til 72 fagskular hausten 2019, som ei følgje av samanslåingar til større einingar både ved offentlege og private fagskular. Samanslåingar av fagskular er i tråd med tilrådinga i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning for å styrke fagmiljøa og den administrative kapasiteten ved fagskulane. I samband med regionreforma er det fleire fylke som slår saman dei fylkeskommunale fagskulane, t.d. Viken, Agder og Trøndelag, slik at det vert éin fylkeskommunal fagskule i dei nye storfylka. Sogn og Fjordane gjorde det same i 2009, medan Hordaland har hatt ei stegvis samanslåing frå 7 til 1 fagskule frå 2013 til 2018.

### Nasjonale forventningar

18. oktober 2019 vart Meld. St. 5 (2019-2020) *Levende lokalsamfunn for fremtiden - Distriktsmeldingen* lagt fram. Meldinga syner at regjeringa vil styrke innsatsen for å få fleire i jobb og for at innbyggjarar har relevant utdanning og relevant kompetanse for å møte arbeidskraftbehova både i privat og offentlig sektor. Det vert også gjennomført ei kompetansereform i arbeidslivet for at ingen skal gå ut på dato og at fleire skal kunne stå i jobb lenger. Satsing på fleksible utdanningstilbod skal styrkast, og det er eit mål om at alle skal ha tilgang til utdanning uavhengig av om du bor ein stad der det er eit studiestad eller ikkje. Vidare syner meldinga at kompetansereforma støttar opp om fylkeskommunane sin strategiske og koordinerande rolle i regional kompetansopolitikk, og regjeringa ønskjer å legge til rette for desentraliserte, nettbaserte og fleksible utdanningstilbod i alle delar av landet. Meldinga trekker også fram at fagskulane er sentrale aktørar for å tilføre relevant arbeidskraft i viktige distriktsnæringer og at fagskulane er avgjerande for å nå målet om at fleire skal kvalifiserast til noverande og framtidige arbeidsplassar i distrikta, og for å gje påfyll av kompetanse hos vaksne arbeidstakarar.

*Nasjonal kompetansopolitisk strategi (2017-2021)* syner til at utvikling av etter- og vidareutdanningstilbod er ei viktig oppgåve for fagskular, universitet og høgskular. Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidsliv på ulike fagfelt og sektorar bør styrkast og sjåast i lys av regionale nærings- og kompetansestrategiar, samt regionale partnerskap. Mange verksemder har få ressursar til å definere eigne kompetansebehov og til å arbeide systematisk med kompetanseutvikling av dei tilsette. Vidare ligg det eit utviklingspotensial i å etablere eller styrke samarbeid om kompetanseutvikling på tvers av verksemder, t.d. klynger og andre næringsmiljø. Verksemder og næringsmiljø kan også ha nytte av bistand for å kartlegge kompetansebehov og for å legge til rette for relevant etter- og vidareutdanning og kompetanseoverføring. Det er eit mål å styrke samarbeidet mellom klynger og det øvrige næringsliv, og fagskular, universitet og høgskular for utvikling av gode etter- og vidareutdanningstilbod og gjensidig læring. Den teknologiske utviklinga skaper også moglegheiter for fleksible og nettbaserte utdannings- og opplæringstilbod som kan nyttast betre. Tilgang til fleksible og nettbaserte tilbod kan gjere det enklare å kombinere arbeid og utdanning og vere viktig for sjølvstendig næringsdrivande.

Som nemnt leverte ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning ein NOU om lærekraftig utvikling (NOU 2019: 12). Utvalet meiner fagskulane har ei viktig rolle som tilbydarar av utdanning og opplæring for enkeltindivid og verksemder i livslang læring, og at det er naturleg at delar av utvidinga i det nasjonale utdanningstilbodet skjer innanfor fagskulesektoren. Vidare ønskjer utvalet å utstyre fagskulane med finansielle verkemiddel som gir insentiv til å tilby attraktive fleksible kurs eller fagemne for individ og næringsliv. Vidare tilrår utvalet at fagskular skal kunne søkje om sjølvakkrediteringsrett, og ikkje berre sjølvakkreditering innanfor eit eller fleire fagområde som i dag, samt ha høve til å utvikle tilbod som er mindre enn 30 studiepoeng i omfang.

### Utfordringar i fagskulesektoren

Endringane som er gjort gjennom nye lovar og forskrifter har bidrege til å styrke og framheve fagskulesektoren, men det har også ført til høgare krav til kvalitet og dokumentasjon, og såleis høgare kostnader. Samtidig er det store forventningar til sektoren om vekst i studenttal og utvikling av nye utdanningar. Den nye tilskotsordninga som premierer auka gjennomføring og gjev moglegheit til å søkje om utviklingsmidlar er svært positiv, men finansieringsnivået har ikkje teke høgde for auka kostnader i høve til den generelle styrkinga av sektoren når det gjeld studentane sine rettar og pliktar, samt dei aukande krava til fagskulesektoren. Til dømes er det store kostnader knytt til å vere med i ein studentsamskipnad, samt kostnader til å etablere eit studentombod. Ein auke i studenttal vil også gje høgare kostnader enn det driftstilskotet tilseier. Staten opererer med ein flat sats på om lag kr 70 000,- i grunnsats og om lag 17 000,- i resultatbasert tilskot for nye studieplassar. Dei fleste tekniske fagskuleutdanningane har ein høgare kostnad enn dette.



Dei fleste fylkeskommunane gjev eige driftstilskot til dei fylkeskommunale fagskulane utover det statlege driftstilskotet. I 2018 var det samla sett gjeve om lag 105 mill. kr i driftstilskot frå fylkeskommunane til sektoren. I 2019 gav Sogn og Fjordane fylkeskommune om lag 10 mill. og Hordaland fylkeskommune gav om lag 12 mill. i driftstilskot. Kostnader som t.d. bygg og administrasjon kjem hovudsakleg i tillegg. Såleis er det eit betydeleg tilskot til fagskular som ikkje vert dekt under den statlege tilskotsordninga. Ved fordeling av nye studieplassar vert fylkeskommunane målt på auken i talet på studentar, og ei eventuell reduksjon i fylkeskommunalt driftstilskot vil kunne få konsekvensar for dette. Det vil seie at dersom fylkeskommunen får tilskot til nye studieplassar men samtidig reduserer driftstilskotet, så kan dette føre til at fagskulane reelt sett ikkje kan auke talet på studentar.

For å kome i møte med aukande krav til kvalitet, administrasjon, og større etterspurnad av fagskuleutdanning, må fagskulane vere robuste og ha god administrativ kapasitet. Med dagens finansieringsnivå vert det meir og meir viktig å kunne dra nytte av stordriftsfordelar, sjølv om dette aleine ikkje kan bidra til den forventta auken regjeringa ser for seg i sektoren. Fleire offentlege fagskular tek eigenbetaling av studentar for å fullfinansiera enkelte tilbod, og med dagens sats for nye studentar er dette noko gjerne endå fleire vil vurdere. Samtidig er det eit uforløyst potensial i fagskulesektoren om meir kurs- og oppdragsverksemd. Det er eit stort behov i samfunnet for meir etter- og vidareutdanning (EVU), og fagskulane har eit potensiale i å kunne levere kortare kurs til arbeidslivet.

### Fagskulane i Vestland

Fagskulen i Sogn og Fjordane har 280 studentar og 36 tilsette hausten 2019 fordelt på studiestadene Førde og Måløy. Studiestaden Førde er hovudadministrasjonen ved Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fagskolen i Hordaland har 1180 studentar og 135 tilsette hausten 2019 fordelt på 6 studiestader; Nordnes, Nygård, Voss, Hjeltnes, Austevoll og Stord. Studiestaden Nordnes er hovudadministrasjonen.

Begge fagskulane har tilbod innan bygg- og anleggsgfag, maskinteknikk, maritime fag og elektro. Fagskolen i Hordaland har i tillegg tilbod innan helsefag, petroleumstekniske fag, grønne fag og matfag. Under følgjer ei oversikt over utdanningar og studenttal ved dei to fagskulane i Vestland. Tal heiltidsekvivalentar er studenttalet rekna om frå deltid til heiltid.

### Fagskulen i Sogn og Fjordane

Namn på utdanninga	2019			
	Vår		Haust	
	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
Anlegg	10	10	10	10
Anlegg	20	12,06	30	20,1
Automatisering		1,34	20	12,06
Bygg	10	10	10	10
Bygg	10	8,04	30	18,76
Elkraft	5	5		
Elkraft	65	42,21	40	26,8
Elkraft			40	28,14
Klima, energi og miljø	5	4,69	10	6,03
Maskinteknikk	15	15	10	10
Maskinteknikk	20	12,73	30	19,43
Dekksoffiser på ledelsesnivå	15	15	30	30
Maskinoffiser på ledelsesnivå	35	35	25	25
<b>Sum</b>	<b>210</b>	<b>171,07</b>	<b>280</b>	<b>216,32</b>

Tala er henta frå DBH og anonymisert ved ned- eller oppjustering til heile 5 studentar jf. personvernforordninga GDPR, det totale studenttalet er korrekt.

### Fagskolen i Hordaland

Namn på utdanninga	2019		Haust	
	Vår		Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
Boring	40	40	45	45
CNC og robotteknologi	10	10		
Dekksoffiser på ledelsesnivå	45	45	50	50
Havbunnsinstallasjoner	5	5		
Maskinoffiser på ledelsesnivå	40	40	55	55
Dekksoffiser på ledelsesnivå	35	35	40	40
Arboristfag	15	7,5	15	7,5
Lokal matkultur	10	7,37	25	16,75
Automatisering	35	35	25	25
Automatisering	70	48,24	75	51,59
Bygg	55	55	55	55
Bygg	105	71,69	130	88,44
CNC og robotteknologi			10	10
Elkraft	80	80	55	55
Elkraft	135	90,45	150	99,16
Kjemi - Prosess			15	15
Klassisk bygningshåndverk og restaurering			15	7,5
Klima, energi og miljø i bygg	75	51,59	85	58,29
Maskinteknikk	50	50	40	40
Maskinteknikk	70	47,57	70	46,9
Prosess	50	34,84	25	18,09
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	35	17,5		
Psykisk helsearbeid og rusarbeid			30	15
Rehabilitering	5	3,5		
Rehabilitering			5	5
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta	15	10	20	10
Anlegg	50	33,5	80	52,26
Automatisering			5	5
Elkraft	20	20	10	10
Maskinteknikk	25	25	25	25
Maskinteknikk med ISO-fag			20	20
<b>Sum</b>	<b>1075</b>	<b>863,75</b>	<b>1180</b>	<b>926,48</b>

Tala er henta frå **DBH** og anonymisert ved ned- eller oppjustering til heile 5 studentar jf. personvernforordninga GDPR, det totale studenttalet er korrekt.

Begge fagskulane er resultat av fleire samanslåingar, men har oppretthaldt ein desentralisert profil. I nye Vestland fylkeskommune vil det vere totalt 8 studiestader med tilbod om fagskuleutdanning. Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2019 eit budsjett på kr 26,2 mill. inkludert driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan Fagskolen i Hordaland hadde eit budsjett på kr 97,3 mill. inkludert driftstilskot. Begge fagskulane har dei siste åra investert i mykje nytt utstyr som t.d. simulatorar og utstyr for å drive moderne nettundervisning.

### **Éin høgare yrkesfagleg skule i Vestland fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune har med bakgrunn i den regionale næringslivsprofilen, naturlege fortrinn i høve til å ha eit stort tilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning. Regionen er stor innan den maritime og marine sektoren, olje- og gass-sektoren, bygg og anleggsnæringa og helse- og oppvekstsektoren. Samtidig er det store variasjonar i næringsprofilane til dei ulike kommunane og regionane i Vestland fylkeskommune. Ein fagskule i Vestland fylkeskommune må vere ein betydeleg regional utviklingsaktør som kan tilby fagskuleutdanning og EVU (etter- og vidareutdanning) som er fleksible og legg til rette for å kombinere arbeid og kompetanseheving i heile regionen.

Skal ein imøtekome stadig aukande forventningar og sikre vidare utvikling av utdanningstilbod i heile regionen, er det avgjerande å styrke fagskulane administrativt og fagleg. Ved å organisera dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune som éin høgare yrkesfagleg skule vil ein kunne styrke både det faglege miljøet og den administrative kapasiteten.

Som nemnt tidlegare har både Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland gått igjennom omorganiseringar tidlegare. I Hordaland opplevde ein før omorganiseringane at fagskulane konkurrerte om dei same ressursane, og at både fagmiljøa og ressursituasjonen vart svekka ved fleire av skulane. Etter etableringa av éin fagskule i Hordaland har både fagmiljøa og den administrative kapasiteten blitt styrka. Utdanningar som overtal eller kostnader knytt til sjukefråvær, vart redusert, og søkjartala til fleire utdanningar i distrikta auka. I Sogn og Fjordane vart det også gjort ei administrativ styrking gjennom samanslåinga av fagskulane i Førde og i Måløy.

Fylkeskommunen vil kunne få innsparingar på sikt ved å slå saman dei to fagskulane, og ein vil kunne oppnå viktige synergjar i høve til vidare vekst og utvikling av fagskuletilbodet i regionen. Dei to fagskulane har i dag fleire overlappende tilbod som vil profittere på eit større fagmiljø. T.d. vil ein samla fagskule i Vestland ha det største maritime fagskuletilbodet i landet, noko som kan bidra til meir utvikling av maritime tilbod og EVU. Ein annan gevinst ved samanslåing er at heile Vestland kan få tilgang til fleire utdanningar som t.d. helsefag. Per i dag er det ikkje tilbod om fagskuleutdanning innan helse ved Fagskulen i Sogn og Fjordane, og ein samla fagskule vil kunne tilby godkjente utdanningar ved alle dei 8 studiestadene i Vestland dersom det er søkjarar og ressursar til det. Ein samla fagskule kan vidareutvikle eit større tilbod innan etter- og vidareutdanninga slik at fagskulen kan få auka inntekter, noko som på sikt kan redusere behov for fylkeskommunale driftstilskot.

Ved organisering av dei to fagskulane til ein samla fagskule ser ein føre seg at dagens studiestader vert vidareført så lenge det er tilstrekkeleg studentgrunnlag. Det er ulik grad av oppfyllings- og gjennomføringsgrad ved dei ulike utdanningane ved fagskulane, og dette må ein ny samla fagskule arbeide aktivt med å tilpasse. Fylkeskommunen har som forvaltar av fagskulesektoren, ansvar for å følgje opp både eigne og eksterne fagskular i høve til rekruttering og gjennomføring. Det vil seie at dersom tilbod ikkje har høg nok etterspurnad, må fylkeskommunen vurdere å omprioritere tilskot til andre fagskular i tråd med nasjonal tilskotsordning for fagskuleutdanning.

Vidare er det behov for å styrka fleire av studiestadene både i Hordaland og Sogn og Fjordane ved å utvikle større og sterkare fagmiljø lokalt. Ei satsing på utvikling av fleire fleksible utdanningstilbod ved alle studiestadene vil vere sentralt for å oppnå dette, og styret for fagskulen har ein viktig oppgåve i å arbeide strategisk med studiestadutvikling i Vestland fylkeskommune, og å sikre gode økonomiske rammevilkår for skulen.

Det er stor forskjell i storleik på dei to fagskulane i Vestland, og ei vidareføring av ein sterk hovudadministrasjon i Bergen vil vere viktig for å løfte fagskulen regionalt. Fagskolen i Hordaland

har dei seinaste åra blitt ein sentral regional aktør og skulen er i dag representert i dei fleste samarbeidsforum knytt til regional kompetanseutvikling. Ein samla, og sterk offentleg fagskule vil i større grad kunne gjere seg relevant som regional samarbeidspartnar og ikkje minst i konkurransen med andre private aktørar.

På bakgrunn av saksutgreiinga vil fylkesrådmann tilrå at Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland vert organisert som éin fagskule frå 01.01.2021. Fylkesrådmannen vil ikkje greie ut, eller gje tilråding til korleis den nye fagskulen skal vere organisert i høve til organisasjons- og leiarstruktur. Det er styret for fagskulen som jf. fagskulelova har kompetanse til å tilsette rektor og etablere ein organisasjonsstruktur innanfor den økonomiske ramma som er sett av skuleeigar.

### Namn på skulen

Etter at fagskuleutdanning vart definert som høgare yrkesfagleg utdanning har det vore ein diskusjon i sektoren om ein skal ta i bruk omgrepet «høgare yrkesfagskule» i staden for «fagskule». I Sverige er t.d. omgrepet «yrkeshøgskola» etablert for dette skuleslaget, og i Trøndelag er det bestemt at den nye samla fagskulen skal heite Trøndelag høgere yrkesfagskole. På Austlandet er det arbeidd med å etablere ein yrkesbachelor, der ei to-årig fagskuleutdanning kan byggjast på til ein bachelorgrad, og omgrepet yrkeshøgskule vil verte nytta i denne samanhengen. Andre fylke vidarefører bruken av fagskuleomgrepet, men det kan likevel vere høveleg å gjere ei vurdering av kva omgrep ein skal nytte i Vestland på ein samla fagskule.

Fram til dei to fagskulane er slått saman vil fylkesrådmannen tilrå at ein opererer med eit prosjektnamn, «Fagskulen i Vestland», og ventar med å avgjere namnet til det er gjort ei grundig vurdering av kva omgrep ein skal nytte på skuleslaget i Vestland fylkeskommune.

### Prosess

Ei omorganisering av dei to fagskulane til ei eining er ikkje ein større organisatorisk endring fordi dagens studiestader vil verte vidareførte, og det er ikkje venta overtal i ein slik prosess. Det er rektorane, avdelingsleiarane og dei tilsette ved administrasjonane ved fagskulane som vil oppleve dei største endringane, og som vil få størst arbeid med ein slik samanslåing. Styret for fagskulen og rektor for den samla fagskulen vil måtte vurdere ny leiarstruktur og administrativ organisering. Om fylkestinget vedtek samanslåing av dei to fagskulane vil fylkesadministrasjonen følge opp ved å sette ned eit omstillingsutval (OMU) som er vanleg ved slike omstillingsprosessar.

Vidare må fylkestinget nemne opp eit prosjektstyre for den samla fagskulen som kan fatte vedtak i saker som vedkjem den samla fagskulen i fortsettinga. Det er styret for fagskulen som har kompetanse til å tilsette rektor ved fagskulen. Styret har også kompetanse til å vedta tilbudsstruktur for fagskulen, og sak om oppretting av tilbod frå 2021 må handsamast av prosjektstyret. Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande prosess ved samanslåing:

Aktivitet	Tidspunkt
OMU vert oppretta	Mars 2020
Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre	09./10.06.2020
Prosjektrektor vert tilsett av styret	Medio september 2020
Prosjektrektor tek over leiinga av OMU	Medio september 2020

### Konklusjon

På bakgrunn av saksutgreiinga vil fylkesrådmannen tilrå at Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland vert organisert som éin fagskule frå 01.01.2021 med prosjektnamnet Fagskulen i Vestland.



## **Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar**

### **Innstilling frå fylkesdirektør opplæring Delprosjektområde 1.0 Delprosjekt 1.8 Fagskule**

## Innhald

1. Innleiing .....	2
1.1 Om delprosjektet.....	2
1.2 Kort om oppbygginga av rapporten.....	2
1.3 Kort samandrag av tilrådinga delprosjektet har kome fram til .....	3
2. Oppgåveløysing (arbeidsmåtar) .....	3
2.1 Kort om korleis vi utfører oppgåva/oppgåvene i dagens to fylkeskommunar? .....	3
2.2 Korleis tilrår delprosjektet at vi skal utføre oppgåva/oppgåvene som ein fylkeskommune? ...	6
2.3 Realisering av samanslåingsvinstar .....	8
2.4 Arbeid vidare i delprosjektet .....	8
3. Organisatoriske forhold.....	9
3.1 Korleis er organiseringa i dag i Hordaland og Sogn og Fjordane? .....	9
3.2 Førremonar og ulemper med dagens organisering .....	11
3.3 Framlegg til framtidig organisering av felles oppgåveløysing .....	12
3.4 Kva inneber gruppa sitt framlegg av ev. konsekvensar for resten av organisasjonen?.....	14
3.5 Kva er dei sentrale endringane som brukarane/interessentane våre vil merke?.....	14
3.5.1 I kva grad bidreg tilrådinga til å møte grunnprinsippa for oppdraget? .....	14
4. Sentrale politiske avklaringspunkt.....	15
Vedlegg 1: Rapport-/samandragmal .....	16

# 1. Innleiing

## 1.1 Om delprosjektet

Delprosjekt 1.8 Fagskule er ein del av delprosjektområdet opplæring.

Oppdraget i delprosjektet var å utarbeide framlegg til:

- organisering og styring av fagskuleutdanninga i Vestlandet fylkeskommune

Føremålet med delprosjektet var å klarleggje kva som er status i dag og deretter føreslå løysing(ar) og eventuell innføring/implementering, slik at ein er klar for iverksetting frå 01.01.2020.

Delprosjektet har hatt eit sektorperspektiv, og følgjande grunnprinsipp vart lagt til grunn:

1. Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Fagskuleutdanninga skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Delprosjektet skal, uavhengig av korleis dette blir løyst i dag, med utgangspunkt i grunnprinsippa tilrå kva prinsipp Vestlandet fylkeskommune skal legge til grunn for organisering, styring og finansiering av fagskuleutdanninga. Ein sentral del av dette er å klargjere fylkeskommunen si rolle som forvaltar, sekretariatsfunksjon og prinsipp for tildeling av tilskot til tilbydarar av fagskuleutdanning. Delprosjektet skal klargjere grensa mellom rolla og ansvaret til skuleigar og fagskulestyret.

Tilrådinga skal byggje på:

- a) Kartlegging av område som vert påverka av samanslåing
- b) Identifisering av område som må løysast før 1.1.2020 og kva som kan løysast i perioden fram til 1.1.2022
- c) Identifisering av kritiske faktorar i overgangen, slik at tenestene har høg kvalitet i overgangen frå to til ein fylkeskommune

### ***Justeringar og avklaringar***

Delprosjekt 1.8 skulle opphaveleg utarbeide framlegg for tildeling av tilskot til tilbydarar av fagskuleutdanning, men dette området vart lagt til DP 1.4 Budsjett og økonomiplan for sektoren. Medlemene i DP 1.8 har delteke i ei undergruppe ved DP 1.4 i samband med tilråding om prinsipp for tildeling av tilskot til fagskuleutdanning.

Både DP 1.9 Organisering av sektor og avdeling og DP 1.8 skulle gje tilråding til organisering av styra for fagskulane. Det vart avgjort at dette skulle handterast i DP 1.8. På spørsmål om korleis ein skal arbeide med fagskulesektoren i avdeling for opplæring og kompetanse i 2020, har begge delprosjekta vurdert dette. DP 1.9 har gjeve ei overordna tilråding for avdelinga Opplæring og kompetanse, medan DP 1.8 gjev ei meir detaljert tilråding for korleis ein skal arbeide med fagskulesektoren i Vestland.

## 1.2 Kort om oppbygginga av rapporten

I tilrådinga skil ein mellom forvaltarrolla og eigarrolla til fylkeskommunen i høve til fagskuleutdanning, og rapporten er bygd opp etter dette (kapittel 2). I kapittel 3 vert det gjeve ei tilråding i høve til overordna fagskulestruktur i den nye fylkeskommunen.

### 1.3 Kort samandrag av tilrådinga delprosjektet har kome fram til

Tilrådinga byggjer på at ein i Vestland fylkeskommune skal skilje tydeleg mellom forvaltarrolla og eigarrolla til fylkeskommunen. Vidare byggjer ho på grunnprinsippa i oppdraget om at studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet, og korleis ein kan byggje ein sterk og solid fagskulesektor som er tydeleg regionalt og lokalt forankra og leiande i landet. God organisering og ramme for fagskulane er viktig for å imøtekomme grunnprinsippa, og dette vert det lagt vekt på i tilrådinga.

For å skilje tydeleg mellom forvaltar- og eigarrolla tilrår delprosjektet mellom anna at styringslinja i fagskulen vert styrka og tydeleggjort slik at ein står oppunder fagskulelova, som seier at ein fagskule skal ha eit eige styre. På bakgrunn av dette vert det føreslått at det vert utarbeidd eit eige delegasjonsdokument som viser relasjonen mellom fagskulane og styra, og mellom styra og fylkesadministrasjonen. Vidare vil prosjektleiar opplæring tilrår ei tettare kontakt og innverknad på drifta av fagskulen, med personalansvar for rektor og deltaking i styret.

Vidare tilrår delprosjektet at ansvar for sekretariatsfunksjonen knytt til styret vert plassert hos rektorane. Saksutgreiing og oppfølging av styret er innanfor rektor sitt ansvarsområde, og det vert ei tydelegare og tettare kopling mellom rektor og styre med ei slik organisering.

I høve til framtidig organisering av fagskulane i nye Vestland fylkeskommune tilrår delprosjektet at dei to fagskulane vert slått saman til éin fagskule frå og med 1. januar 2021. Vidare vert det tilrådd at lokasjonane Nordnes, Førde, Måløy, Austevoll, Nygård, Stord, Voss og Ulvik vert vidareført som studiestader ved fagskulen i Vestland. Samanslåing av dei to fagskulane vil gje styrka administrativ kapasitet og mindre kamp om ressursar og studentar mellom lokasjonane. Tilrådinga står også opp om dei tre grunnprinsippa over. Tilrådinga om organisering tek høgde for framtidig politiske vedtak om lokalisering av fagskulane.

## 2. Oppgaveløysing (arbeidsmåtar)

### 2.1 Kort om korleis vi utfører oppgåva/oppgåvene i dagens to fylkeskommunar?

Korleis vi utfører oppgåvene knytt til fagskulesektoren i dag, er delt inn i tre avsnitt; forvaltarrolla, eigarrolla og til slutt kort om IKT-system.

#### 2.1.1 Forvaltningsrolla

Fylkeskommunane er ansvarleg for at det vert tilbydd fagskuleutdanning som imøtekjem arbeidslivet sitt kompetansebehov lokalt, regionalt og nasjonalt (jf. fagskulelova § 3). Dette er fylkeskommunane sitt samfunnsoppdrag i høve til fagskulesektoren. Fagskular kan søkje om offentleg tilskot til fagskuleutdanning. Som forvaltar er fylkeskommunane ansvarleg for å fordele tilskot til både offentlege og private fagskular etter søknad og ei vurdering av kompetansebehovet i regionen.



Det er Kunnskapsdepartementet ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku) som gjev tilskot til fylkeskommunane som fordelar dette vidare til fagskular med studiestad i eige fylke. Tilskotet til fylkeskommunane er basert på ei 80/20 finansiering, der 80 % er eit grunntilskot, og 20 % er eit resultatbasert tilskot som vert justert opp eller ned avhengig av produksjon av studiepoeng ved fagskulane som får offentleg støtte av fylkeskommunane. Vidare vert det årleg lyst ut utviklingsmidlar til fagskuleutdanning som fagskular kan søkje om. I 2019 var det over statsbudsjettet gitt 42 mill. til utviklingsmidlar for fagskulesektoren. I tillegg kan fylkeskommunane søkje om nye studieplassar over statsbudsjettet. Fylkeskommunane rapporterer årleg om tilskotsforvaltninga til Database for Høgre utdanning (DBH) ved Norsk senter for forskningsdata (NSD).

Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) har sett ned ei kompetansegruppe som arbeider med å greie ut eit forslag til overordna nasjonale prinsipp og årshjul for tilskotsforvaltninga.

Hordaland fylkeskommune har gjennom delegasjonsreglementet gjeve Utval for opplæring og helse kompetanse til å fordele tilskot til fagskular etter søknad. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er oppgåva delegert til administrasjonen ved fylkesrådmannen gjennom budsjettreglementet, og er såleis ei administrativ tildeling. Fordeling av tilskot til dei fylkeskommunale fagskulane vert i begge fylkeskommunane gjeve over fylkesbudsjettet saman med eit driftstilskot.

Vidare har fylkeskommunane ansvar for å utvikle kompetansepolitiske planar for sin region. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland har som overordna mål å betre balanse mellom tilbod og etterspurnad mellom kompetanse og arbeidskraft gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Verdskapsplanen for Sogn og Fjordane har som mål å etablere ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter for å avdekke framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov.

Begge fylkeskommunane arbeider i dag med å finne gode verkøy for å kartleggje kompetansebehovet i regionen. Ei slik kartlegging vil vere heilt sentral i fylkeskommunen sitt arbeid med å forvalte og fordele tilskot til fagskulesektoren.

### **2.1.2 Skuleeigarrolla**

Fagskular er regulert av Lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova), som stadfester at ein fagskule skal ha eit eige styre. Fylkestinget er skuleeigar og har høve til å styre fagskulane gjennom å:

- vedta styrevedtekter
- velje eit styre
- fastsetje budsjetttrammer
- avsetje styret

I tillegg kan skuleeigar gje styringssignal gjennom til dømes prinsipielle saker, øyremerka midlar eller regionale planar. Det er viktig at fylkeskommunar nyttar seg av høvet dei har til å gje styringssignal og forventningar til styret for fagskulen i tråd med viktige strategiske val for regionen knytt til kompetanse- og næringsutvikling.

- 1) Jf. fagskulelova skal styret:
  - a) Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for

- b) Sørge for at alle vilkår for offentlege tilskot er oppfylt
- c) Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning, er korrekte og fullstendige
- d) Sørge for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
- e) Tilsetje rektor
- f) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiing ved fagskulen.
- g) Sørge for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og reglar, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.

2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, leggje til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Fagskulestyra i SFFK og HFK er tilnærma likt samansett. Begge fylkeskommunane har valt politiske eigarrepresentantar frå utdanningsutvalet og frå næringsutvalet. I SFFK er det to politiske eigarrepresentantar og ein eigarrepresentant frå fylkesadministrasjonen etter innstilling frå fylkesrådmannen. I HFK er det tre politiske eigarrepresentantar og ikkje ein representant frå fylkesadministrasjonen. Vidare har begge styra éin tilsettrepresentant, éin studentrepresentant og to arbeidslivsrepresentantar frå regionalt arbeidsliv slik som fagskulelova føreset. I SFFK er det NHO som gjer framlegg om kven som skal vere arbeidslivsrepresentantar, medan det i HFK er fylkesrådmannen som gjer framlegg til representantar frå arbeidslivet i regionen.

Styra for fagskulane skal ha eit sekretariat. I SFFK er sekretariatet lagt til rektor ved fagskulen, i HFK er sekretariatet lagt til opplæringsavdelinga saman med den lokale klagenemnda for fagskular i Hordaland. Bakgrunnen for at sekretariatet er organisert slik i Hordaland, er gjerne at ein har tenkt organisering av styret som eit politisk utval, og fordi det tidlegare var 8 fagskular i Hordaland med eitt felles styre og behov for koordinering.

Sjølv om fagskulane er styrt av eit styre, er fylkeskommunane arbeidsgjevar, og personalforvaltning skal skje i samsvar med fylkeskommunane sine reglar. I SFFK har fylkeskommunen ansvar for overordna personalforvaltning, men sjølv personalsvaret for rektor ved fagskulen er lagt til styreleiar. I HFK ligg personalansvar for rektor ved fagskulen hos ein av regionleiarane i opplæringsavdelinga, som også har personalansvar for rektorar ved vidaregåande skular. Det er tre regionleiarar ved opplæringsavdelinga i HFK, med personalansvar for rektorane i kvar sine geografiske område.

### **2.1.3 IKT-system**

IKT-system som er sentrale for arbeid med fagskulen, er skuleadministrativt system, sakshandsamingssystem, personalhandteringssystem og økonomisystem. Arbeid med felles system føregår i andre delprosjekt. Ein vil likevel trekkje fram at forseinkinga av det nye skuleadministrative systemet VIS (Visma in School) kan vere ei større utfordring for fagskulane enn for dei vidaregåande skulane. Dette vert handtert i delprosjekt 1.7 og i eige prosjekt som følgjer opp arbeid med moglege alternativ til VIS.

## 2.2 Korleis tilrår delprosjektet at vi skal utføre oppgåva/oppgåvene som ein fylkeskommune?

Tilrådinga frå delprosjektet er delt inn i same område som over – forvaltning og eigarrolle. Hovudtrekka ved tilrådinga er å organisere arbeidet på ein slik måte at ein skil tydeleg mellom forvaltarrolla og eigarrolla til fylkeskommunen i det nye Vestland.

### 2.2.1 Forvaltningsrolla i Vestland fylkeskommune

Delprosjektgruppa vil tilrå at ein legg komande forslag frå FFU om overordna prinsipp til grunn i arbeidet med tilskotsforvaltninga i nye Vestland. Desse overordna prinsippa er ikkje gitt enda, men vil kome i løpet av hausten 2019. Forslaget frå FFU vil mellom anna omhandle eit årshjul, forslag til kriterium for tilskot og prinsipp om stabilitet, føreseielege prosessar og likebehandling av offentlege og private tilbod i tilskotsforvaltninga.

For å følgje opp samfunnsoppdraget og forvaltninga av fagskulesektoren i region Vestland på ein god måte må ein sikre ei organisering som gjer at ein kan sjå kompetansebehovet og offentleg finansierte utdanningstilbod i samanheng. Når fylkeskommunen fordeler tilskot til offentlege og private fagskular, må dette vere på bakgrunn av regionale kompetansepolitiske strategiar. Det er fagskulestyra som vedtek årleg tilbodsstruktur, men fylkeskommunen må følgje opp at tilskotet vert nytta til utdanningar som det er eit lokalt, regionalt eller nasjonalt behov for. Fylkeskommunen må også vurdere å omprioritere tilskot mellom fagskular dersom tilskotet over tid vert nytta til tilbod som har låg rekruttering og/eller låg etterspurnad frå arbeidslivet. Det er generelt stort behov for fagskuleutdanningar i samfunnet, og å prioritere tilbod med høg etterspurnad, eller tilbod som er viktige ut frå eit kompetansepolitisk standpunkt, er avgjerande for å følgje opp samfunnsoppdraget.

Basert på dette vert det føreslått at fagskulane søkjer om tilskot (dei private/eksterne fagskulane) eller gir budsjettinnspel (dei fylkeskommunale fagskulane) i samband med framlegg av statsbudsjettet i oktober for det påfølgjande året. Ved å handsama søknader og budsjettinnspel frå dei ulike aktørane til same frist, kan ein lettare vurdere storleiken på budsjettamme som skal tildelast eigne fagskular og eksterne fagskular.

I nye Vestland vil ein tilrå at fagskulane som får offentleg tilskot, vil bli prioritert på bakgrunn av utnyttingsgrad av tidlegare tilskot, kompetansebehov i regionen, fylket si ramme og eventuelt nye studieplassar. Dei fylkeskommunale fagskulane vert vidare gjeve budsjett over fylkesbudsjettet, samtidig som det vert sett ei overordna ramme til dei private/eksterne fagskulane. Både dei offentlege og private fagskulane vert gjeve 80/20 finansiering som er avhengig av produksjon av studiepoeng. På bakgrunn av at prinsipp om at finansieringa av sektoren skal vere stabil og føreseieleg for fagskulane, vil ein tilrå at eventuelle større endringar (t.d. nedtrekk eller auke i studieplassar), for ein eller fleire fagskular, vert varsla over fylkesbudsjettet.

For å vidare stimulere til ei effektiv fordeling av ramma med tilskot til dei private/eksterne fagskulane vil ein tilrå at dette vert delegert til fylkesrådmannen, ved avdeling for opplæring og kompetanse. I Hordaland har dette som nemnt vore handtert politisk, og det er stor interesse for saka. For at ein likevel skal sikre ei politisk styring av tilskotsforvaltninga, vil ein tilrå at dette vert gjort gjennom overordna kompetansepolitiske planar og strategiar som gjev føringar for kompetansebehov som skal prioriterast. Vidare må det rapporterast på bruk av midlar og korleis sektoren utviklar seg gjennom årlege statusrapportar til dei folkevalde. På den måten har dei folkevalde høve til å følgje opp tilskota og gje eventuelle framtidige føringar for prioriteringane.

### **2.2.2 Eigarrolla i Vestland fylkeskommune**

Fylkeskommunane skal sjå forvaltarrolla uavhengig av eigarrolla, men bør sjå eigarrolla i samanheng med forvaltninga av fagskulesektoren og regionen sitt kompetansebehov. Det vil seie at i vurdering av nye kompetansebehov bør ein også vurdere kva fagskule som har gode føresetnader innanfor det aktuelle fagområdet. Som skuleeigar er det som nemnt viktig å nytte handlingsrommet ein har til å gje styringssignal til styra og fagskulane gjennom å avdekkje kompetansebehov og gje overordna føringar og prioriteringar for fagskulane. Vidare må ein sikre tilstrekkeleg innsyn i drifta av fagskulane, kvalitet og utvikling, og styra må derfor levere årsmeldingar til eigar.

Jf. fagskulelova § 9 er det eit krav at ein fagskule har eit eige styre. Det vil seie at dei to fagskulane ikkje kan ha eit felles styre frå og med 2020. Dette er det gjort ei juridisk avklaring av i fylkessekretariatet i Hordaland og ved Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT). Dei to styra kan likevel ha dei same medlemmene, utanom studentrepresentanten og tilsettrepresentanten som skal vere valt av studentar og tilsette ved den einskilde skule. Vidare tilråding om organisering av styret vert omtala under punkt 3.3 om framtidig organisering.

#### **Personalansvar**

Som nemnt under punkt 2.1.2 er personalansvaret for rektorane ved fagskulane organisert ulikt i dei to fylka. Begge måtane å organisere personalansvaret på har fordelar og ulemper. Ved å plassere personalansvaret til styreleiar som i SFFK ser ein ansvar for oppfølging av rektor i samanheng med styret sitt overordna ansvar for drift av fagskulane og kvalitet i utdanningane. Samtidig kan ein med ei slik organisering risikere å skape større avstand til fylkesadministrasjonen i høve til oppfølging av fylkeskommunen sitt overordna ansvar for personalforvaltning. Slik som det er organisert i HFK i dag, vert det noko uklart kva rolle og ansvar regionleiar har for fagskulane når det er styret som har oppfølging av drift, resultat og kvalitet. I tillegg til at det vert uklart for styret kva mynde styret har i høve til oppfølging av rektor. På den andre sida har styra eit tilsynsansvar for fagskulane, og det er styra som kollegium som har ansvar for rektorane og fagskulane. Ved å plassere personalansvar for rektor i styret vil det kunne oppstå ei dobbeltrolle i høve til tilsynsansvaret.

Fagskulelova gjev ikkje tydelege føringar for relasjonen mellom styret og fylkesadministrasjonen. Ein kan sjå til kommunelova kap. 11 om fylkeskommunale føretak eller til aksjelova, men reglane vil ikkje gjelde fullt ut fordi fagskulane ikkje har ei selskapsform gjennom lovverket. Sett bort frå at fagskulane har eit styre som øvste styringsorgan, er fagskulane organisert som ei eining under fylkeskommunen slik som dei vidaregåande skulane og er avhengig av dei støttefunksjonane som ligg i fylkesadministrasjonen (t.d. HR og IKT-system). Dersom personalansvar vert lagt fullt ut til styreleiar eller styret, kan ein kome i ein situasjon der ein kjem i konflikt med fylkeskommunen si overordna personalforvaltning og fylkeskommunale interesser. Ein kan også kome i ein situasjon der styret ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å følgje opp eventuelle større utfordringar for fagskulane i høve til personalhandtering.

På bakgrunn av argumentasjonen over vil prosjektleiar opplæring tilrå at personalansvar for rektor vert lagt i lina i fylkesadministrasjonen og at det vert utarbeidd eit eige styrings- og delegasjonsreglement som i tråd med fagskulelova og anna regelverk regulerer relasjonen mellom styra, fylkesadministrasjonen og fagskulane. Delegasjonsreglementet må også seie noko om kva ressurs og støttefunksjonar fagskulane skal ha i fylkesadministrasjonen og korleis denne lina skal følgjast. I arbeidet med å utforme eit eige

styrings- og delegasjonsreglement vert det også tilrådd at ein sett ned ei arbeidsgruppe og nyttar juridisk kompetanse og vurderingar.

### **Sekretariatsfunksjon**

Organiseringa av sekretariatet er som nemnt ulikt organisert i dei to fylka i dag, og i nye Vestland vil delprosjektet tilrå at sekretariatsfunksjonen vert lagt til rektorane ved fagskulane. Ved å leggje sekretariatet til fagskulane vert oppgåvefordelinga meir i tråd med intensjonen i fagskulelova, og det vert eit tydelegare skilje mellom eigarrolla og forvaltarrolla ved at skulen sjølv utarbeider styresaker og følgjer opp styret. I tillegg vert det meir tydeleg at styra for fagskulane ikkje er eit politisk utval i den politiske styringslina.

Det er likevel ønskeleg at skuleigar skal vere tett på fagskulane og sikre eit godt samarbeid mellom skulane og administrasjonen om vidare utvikling i regionen. Ein vil derfor tilrå at det møter representantar frå fylkesadministrasjonen som observatør med talerett ved styremøta i tillegg til at det vert valt ein eigarrepresentant i styret frå fylkesadministrasjonen som omtalt seinare i rapporten om styresamansetning. Observatørane bør vere éin frå avdeling for opplæring og kompetanse og éin frå avdeling for innovasjon og næring. Fylkesadministrasjonen må vere ein samarbeidspartnar for fagskulane og styra, og dessutan ha eit ansvar for å følgje opp eventuelle saker som omhandlar fagskulen og som skal handsamast politisk. Fylkesadministrasjonen må også bidra i sakshandsaming om det til dømes er behov for rapportering av fagskuledrifta på eit overordna nivå, eller i eventuelle prinsipielle saker som fagskulane ikkje kan handsame aleine.

For å sikre ei god kopling mellom fylkesadministrasjonen og fagskulane må rektor og eventuelt andre tilsette ved fagskulen ha det same tilbodet om møteplassar, informasjonsflyt og kurs som dei vidaregåande skulane har. Det er ikkje alltid desse er relevante for fagskulane, men fagskulane må delta der det er relevant. Vidare vil ein tilrå at fylkesadministrasjonen er ansvarleg for opplæring av styra i høve til styrearbeid, lov og forskrifter og offentlege budsjett- og rekneskapsprosessar.

### **2.3 Realisering av samanslåingsvinstar**

Vedkomande utøving av forvaltnings- og eigarrolla ser ikkje delprosjektet store samanslåingsvinstar i høve til ressursbruk og administrasjon gjennom tilrådinga i dette delprosjektet. Likevel vil ein sjå vinstar i høve til kvalitet og kompetanse gjennom ei meir heilskapleg forvaltarrolle. Dette vert også styrka av den nye organiseringa i avdeling for opplæring og kompetanse, der forvaltninga av fagskule vert lagt til kompetanseseksjonen, som skal arbeide med regionale kompetansebehov.

Vidare vil det vere ein samanslåingsvinst i at ein kan vidareutvikle fagskuletilbodet i den nye regionen. Til dømes har ikkje Sogn og Fjordane fylkeskommune fagskuletilbod innan helse- og oppvekstfag. Med den nye organiseringa vil ein kunne arbeide for at tilboda vert meir tilgjengelege i heile Vestland fylkeskommune.

### **2.4 Arbeid vidare i delprosjektet**

Delprosjektet har fullført oppdraget ved rapporteringstidspunktet for sluttrapporten. Spørsmål om samanslåing av dei to fagskulane som det vert gjort greie for i fortsettinga, bør drøftast med tillitsvalde. Tilrådinga legg opp til vidare politisk avklaring, og dette vert vist i kapittel 4 under.

## 3. Organisatoriske forhold

### 3.1 Korleis er organiseringa i dag i Hordaland og Sogn og Fjordane?

Både Sogn og Fjordane og Hordaland har kvar sin fylkeskommunale fagskule. Fagskulane er noko lunde likt organisert; éin fagskule med tilhøyrande studiestader. Den største forskjellen er storleik og talet på utdanningstilbod. Per 1. oktober 2018 hadde Fagskulen i Sogn og Fjordane 230 studentar, medan Fagskolen i Hordaland hadde 1170 studentar. Fagskulen i Sogn og Fjordane har 2 studiestader, medan Fagskolen i Hordaland har 6 studiestader. Nedanfor følgjer ei oversikt over organisering, tal på tilsette, utdanningar mm.

#### Fagskulen i Sogn og Fjordane

Fagskulen i Sogn og Fjordane har som nemnt to studiestader: Førde og Måløy. Førde er hovudadministrasjonen og har om lag 180 studentar. Studiestaden i Måløy er samlokalisert med Måløy vgs og har om lag 50 studentar.

<b>Styret</b>	Består av 7 medlemmer; 2 politisk valde, 1 frå fylkesadministrasjonen, 2 arbeidslivsrepresentantar, 1 studentrepresentant, 1 tilsettrepresentant
<b>Leiing</b>	1 rektor, 2 avdelingsleiarar
<b>Administrasjon</b>	2 kontortilsette
<b>Studiestader</b>	2 studiestader, Måløy og Førde
<b>Tal tilsette</b>	38
<b>Tal årsverk</b>	30

<b>Utdanningstilbod</b>	<b>Utdanningsform (Stadbasert S, nettbasert N)</b>
<b>Elkraft</b>	S/N
<b>Automatisering</b>	S/N
<b>Bygg</b>	S/N
<b>Anlegg</b>	S/N
<b>Klima, energi, miljø (KEM)</b>	S/N
<b>Maskin</b>	S/N
<b>Dekksoffiser</b>	S
<b>Maskinoffiser</b>	S
<b>Mjølkeproduksjon med robotteknologi</b>	N - Søkt NOKUT om godkjenning

Fagskolen i Sogn og Fjordane	2018	
	Haust	
	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
Førde	180	134,45
Måløy	50	50
<b>Sum</b>	<b>230</b>	<b>185,45</b>

### Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland har seks studiestader: Nordnes, Nygård, Voss, Hjeltnes, Stord og Austevoll. Det er om lag 1170 studentar ved Fagskolen i Hordaland.

<b>Styret</b>	Består av 7 medlemmer: 3 politisk valde, 2 arbeidslivsrepresentantar, 1 studentrepresentant, 1 tilsettrepresentant
<b>Leiing</b>	1 rektor, 1 ass. rektor, 6 avdelingsleiarar, 4 fagleiarar
<b>Administrasjon</b>	4
<b>Stadiestader</b>	6 aktive
<b>Tal tilsette</b>	111
<b>Tal årsverk</b>	95,85

Utdanningstilbod	Utdanningsform (Stadbasert S, nettbasert N)
Dekksoffiser	S
Maskinoffiser	S
Havbunnsteknologi	S
Boring	S
Elkraft	S/N
Automatisering	S/N
Prosess	S/N
Arborist	S
Bygg	S/N

Anlegg	S/N
Klassisk bygningshandverk og restaurering	S
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	S/N
KEM tak og fasade	S/N
Maskinteknikk	S/N
Maskinteknikk m/ ISO	S/N
CNC og robotteknologi	S/N
Lokal matkultur	S/N
Psykisk helsearbeid	S
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	S
Rehabilitering	S
Spesialreinhald og sterilforsyning	S/N
Kreftomsorg og lindrande pleie	S
Rus og avhengighetsproblematikk	S

Fagskolen i Hordaland	2018	
	Haust	
	Tal studentar	Tal studentar (heiltidsekvivalent)
Austevoll	35	35
Hjeltnes	30	16,71
Nordnes	845	627,35
Nygård	160	160
Stord	45	45
Voss	55	36,18
<b>Sum</b>	<b>1170</b>	<b>922,24</b>

### 3.2 Føremonar og ulemper med dagens organisering

Dei to fagskulane er som vist organisert ganske likt i høve til at det er fleire studiestader i begge fylka. Begge fagskulane har tekniske og maritime utdanningar, men det er berre Fagskolen i Hordaland som har helsefagskuletilbod, grønne fag og matfag. Den største forskjellen ligg i organiseringa i relasjon til fylkesadministrasjonane som vist i kapittel 2 og storleiken på fagskulane.

SFFK hadde fram til 2009 to fagskular før dei vart slått saman til éin fagskule. HFK har frå 2013 arbeidd med å slå saman sine 7 fagskular til éin fagskule i 2018. Dette har vore ein prosess som har vorte gjennomført i fleire steg. Frå 7 til 3, frå 3 til 2, og frå 2 til 1.



I begge fylka er samanslåingane gjennomført for å styrka fagskulane i høve til administrasjon, fagmiljø, rekruttering og kvalitet. Samanslåingane har gitt vinstar etter intensjonen, med meir administrativ kapasitet, mindre sårbare fagmiljø og auka rekruttering. Ein annan viktig faktor er at fagskulane innanfor same fylke ikkje må konkurrere med kvarandre om ressursar og studentar, sjølv om det er studiestader som har like tilbod, som til dømes Austevoll og Nygård i Hordaland. Dagens organisering i dei to fylka er også i tråd med nasjonale trendar i høve til å slå saman fagskular til større einingar med fleire studiestader. Fleire og fleire fagskular i landet slår seg saman etter modell frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Til dømes vert det éin fagskule i Viken, Trøndelag og Agder.

Det er langt fleire føremonar enn ulemper med denne måten å organisere fagskulane på, og einaste ulempe kan vere at det vert stor avstand mellom studiestadene. Med god organisering av fagskulen og dagens teknologiske løysingar vil ein likevel kunne handtere dette på ein god måte. Samanslåing av dei to fagskulane vil spesielt vere ein styrke for Fagskulen i Sogn og Fjordane, som vil få større administrativ kapasitet og eit større fagmiljø å samarbeide med. Det er svært krevjande for små fagskular å handtere alle krava som vert stilt til fagskulane, samtidig som ein skal utvikle og søkje om nye utdanningar. Fagskolen i Hordaland er ein av dei største fylkeskommunale fagskulane i landet og har god administrativ kapasitet. Samanslåingane som har vore gjennomført av fagskulane i Hordaland, har gitt svært gode vinstar, og studiestadene som tidlegare var eigne fagskular, har vakse i den nye organiseringa. Til dømes har studiestaden på Voss fått større oppfyllingsgrad i sine klassar enn før samanslåinga, og har svært gode søkjartal. Ved studiestaden Hjeltnes er det etablert eit nytt tilbod etter samanslåinga, og det er i dag to tilbod ved studiestaden med god rekruttering. Ved samanslåingane i Hordaland har ein sentralisert administrasjonen til Nordnes, noko som har styrka den administrative kapasiteten. Det er noko administrasjon ved dei andre studiestadene avhengig av storleik og avstand til Bergen. Dette vert løyst anten ved eigne tilsette eller kjøp av administrativ ressurs ved den vidaregåande skulen som studiestaden er lokalisert nær ved. Samanslåingane har vidare skapt mindre konkurranse om studentar og ressursar, og dette har leia til meir samarbeid på tvers av lokal plassering og betre faglege utviklingsvilkår for tilsette.

### 3.3 Framlegg til framtidig organisering av felles oppgåveløysing

I Vestland fylkeskommune kan ein sjå føre seg to modellar: to fagskular med fleire studiestader, eller éin fagskule med fleire studiestader. Med bakgrunn i argumentasjonen over vil det vere ein klar fordel at dei to fagskulane i Vestland vert slått saman til éin fagskule. Delprosjektgruppa, som består av medlemmer frå fylkesadministrasjonen, dei to rektorane ved fagskulane og hovudtillitsvald (NITO), er samde om at det beste alternativet er at det vert éin fagskule i nye Vestland. Ulempene med å ha to fagskular i eitt fylke er betrakteleg større enn fordelande med å ha éin fagskule, og det vil derfor berre verte gjort tilråding om éin fagskule i Vestland fylkeskommune.

I denne sluttrapporten vil det ikkje verte føreslått korleis fagskulen skal organiserast internt i høve til leiing og ressursfordeling fordi dette ligg innanfor styret og rektor sitt mynde. Vidare vert følgjande modell føreslått:

- Vestland fagskule
  - Studiestader; Nordnes, Nygård, Førde, Austevoll, Måløy, Stord, Hjeltnes og Voss

Nordnes fungerer som hovudadministrasjon for Fagskolen i Hordaland i dag, og det er her det er flest studentar og tilsette. Studiestadene Nygård og Førde er omtrent like store rekna i studentar, tal på tilsette og administrasjon. Studiestaden Førde er hovudadministrasjon i dag for Fagskulen i Sogn og Fjordane. Sjølv om Nygård i dag er ein studiestad under Fagskolen i Hordaland, er han så pass stor at det er behov for noko ressurs til studieadministrasjon o.l. Det same ser ein føre seg at det vil vere behov for ved studiestaden Førde. Studiestadene Austevoll, Måløy, Voss og Hjeltnes har også noko administrativ ressurs knytt til dei vidaregåande skulane dei er lokaliserte ved. Studiestaden Stord har ikkje eigne tilsette eller administrasjon, då dette vert organisert frå Nordnes.

Ved ei samanslåing er det viktig at den regionale profilen til fagskulen vert ivareteken for å sikre tilgang til kompetanse og leggje til rette for god tettstadsutvikling i heile Vestland fylke. Vidare bør ein arbeide aktivt med å styrke dagens studiestader slik at dei lokale fagmiljøa, utdanningstilboda og kursverksemda vert vidare utvikla. Ein viss storleik i fagmiljø ved studiestadene er svært viktig for vidare utvikling og for å sikre kvaliteten i utdanningane, og ein stor fagskule vil kunne handtere ei satsing på studiestadutvikling.

Som nemnt tidlegare har dei to fagskulane i dagens to fylkeskommunar fleire like utdanningstilbod. Døme på dette er dei maritime utdanningane som ein finn både i Austevoll, på Nygård og i Måløy. Ved ei samanslåing vil Vestland fylkeskommune ha det største maritime fagskulemiljøet i landet, og dette må ein nytte seg av på ein måte som gjer at ein vil vere leiande innan maritime fagretningar i framtida. Med eit så stort maritimt fagmiljø kan ein utvikle nye tilbod og i utstrakt grad levere kompetansehevande kurs for lokalt næringsliv.

Ved ei samanslåing av dei to fagskulane vil det også bli valt eitt fagskulestyre, og delprosjektet vil tilrå at styret vert oppnemnt etter modell frå dagens fagskulestyre i Hordaland i høve til val av arbeidslivsrepresentantar. Med det meiner ein at arbeidslivsrepresentantane vert valde frå regionalt næringsliv etter innstilling frå fylkesrådmannen. Ved val av arbeidslivsrepresentantar er det viktig å finne kandidatar frå næringar eller verksemdar som står opp om den faglege utviklinga ein ønskjer for fagskulen.

I høve til val av eigarrepresentantar tilrår prosjektleiar opplæring at styret vert oppnemnt etter modell frå dagens fagskulestyre i Sogn og Fjordane. Det vil sei at fylkestinget både vel eigarrepresentantar blant dei folkevalde og ein eigarrepresentant frå fylkesadministrasjonen etter innstilling frå fylkesrådmannen.

For å sikre god geografisk spreiding bør det veljast 9 styrerepresentantar i staden for 7 slik som det er ved fagskulestyra i dag. Dersom ein vel 9 medlemmer, vert følgjande samansetning føreslått:

- 4 eigarrepresentantar (3 folkevalde og 1 frå fylkesadministrasjonen)
- 3 arbeidslivsrepresentantar
- 1 tilsettrepresentant
- 1 studentrepresentant

Til slutt vil delprosjektet tilrå at dei to fagskulane vert slått saman frå 1. januar 2021. Dette må handsamast av det nye fylkestinget i Vestland fylkeskommune, og ein vil tilrå at det vert fremma politisk sak om samanslåing i mars 2020. Fagskulane og fylkesadministrasjonen vil då ha i underkant av eit år på å gjennomføre ein god samanslåingsprosess.

I perioden fram til ei eventuell samanslåing må det som nemnt tidlegare vere eitt styre for kvar av dei to fagskulane. Begge dagens fylkeskommunar vel nye styre ved fylkestingsvalet, og på bakgrunn av dette må det også fremjast ei sak til det nye fylkestinget 17. desember 2019 for å setje ned nye styre. Ved val av

styremedlem bør ein tenkje på vidare stabilitet for fagskulane med tanke på at det etter berre eitt år skal veljast eit nytt styre for den samla fagskulen - om dette vert vedteke.

Framlegg til ny organisering tar høgde for politiske vedtak om framtidig lokalisering av fagskulane.

### **3.4 Kva inneber gruppa sitt framlegg av ev. konsekvensar for resten av organisasjonen?**

Ved ei samanslåing av dei to fagskulane vil avdeling for opplæring og kompetanse og HR-seksjonen måtte bidra i omstillingsprosessen. Dette vil skape meirarbeid i ein periode, slik som ved andre omstillingar i skulesektoren.

På bakgrunn av forslaget om at sekretariatsfunksjonen skal vere på fagskulen, vil det i ein overgangsperiode vere behov for administrativ støtte frå fylkessekretariatet for å sikre vidareføring av eit ope og tilgjengeleg sakshandsamingssystem ved fagskulane. Fagskolen i Hordaland vil også få noko meirarbeid fordi skulen ikkje har hatt ansvar for sekretariatsfunksjonen tidlegare. Fagskulen i Sogn og Fjordane har allereie ansvar for sekretariatsfunksjonen.

### **3.5 Kva er dei sentrale endringane som brukarane/interessentane våre vil merke?**

Studentane ved fagskulane vil ikkje verte særleg påverka av ei eventuell samanslåing sjølv om det er midt i eit skuleår, fordi studentane fortsatt vil studere på same stad som før. Søkjarar og arbeidslivet (kommunar og næringsliv) vil på sikt kunne få tilgang til eit breiare og betre lokalt tilbod enn tidlegare, og dessutan større tilgang til etter- og vidareutdanning.

På bakgrunn av tilrådinga i kapittel 2 i høve til tilskotsforvaltninga vil eksterne og private fagskular oppleve ei meir heilskapleg og føreseieleg forvaltning.

#### **3.5.1 I kva grad bidreg tilrådinga til å møte grunnprinsippa for oppdraget?**

Tilrådinga i delprosjekt 1.8 skal møte følgjande grunnprinsipp:

1. Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Fagskuleutdanninga skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Gjennom å tydeleggjere forvaltar- og eigarrolla i nye Vestland fylkeskommune; arbeide strategisk med fagskulane i regionen gjennom kompetansepolitiske planar og styrka det fylkeskommunale fagskuletilbodet gjennom samanslåing, meiner delprosjektgruppa at ein imøtekjem grunnprinsippa for prosjektet. Spesielt gjennom å slå saman dei to fagskulane til éin vil ein kunne styrka den administrative kapasiteten og fagmiljøa slik at skulen i den nye regionen kan vekse og vidareutvikle desentraliserte tilbod og bidra til god tettstadutvikling. Dette vil vere eit viktig arbeid for det framtidige styret og for Vestland fylkeskommune som forvaltar og eigar i samband med den komande kompetansereforma. Kommunar og næringsliv i Vestland vil også kunne få større tilgang til fagskuleutdanning ved ei samanslåing av dei to fagskulane.

## 4. Sentrale politiske avklaringspunkt

Tilrådinga i delprosjektet vil krevje politisk handsaming som følgjer:

1. Sak til fylkestinga/fylkesutvala i dagens fylkeskommunar (august/september) med presisering frå fylkesrådmannen om at dagens fagskulestyre må sitje fram til ny oppnemning i desember 2019.
2. Nytt fylkesting må vedta nye og harmoniserte vedtekter for styra 17. desember 2019.
  - a. Det må vere to styre fram til det vert éin fagskule.
  - b. Saka må også innehalde ei tilråding til eige styrings- og delegasjonsreglement som regulerer tilhøve mellom styra og fylkesadministrasjonen.
3. Sak i fylkestinget om oppnemning av nye styre 17. desember 2019.
  - a. Saka må vise kva omsyn ein bør ta når fylkestinget vel representantar i denne overgangsperioden, med tanke på stabilitet for fagskulane fram mot eventuell samanslåing.
4. Sak i fylkestinget om samanslåing/organisering av dei to fagskulane 3.mars 2020.
  - a. Det må avklarast om denne saka skal handsamast av Y-nemnda i den nye fylkeskommunen
  - b. Saka må handsamast først av:
    - i. Hovudutval for opplæring og kompetanse 2. desember 2019.
    - ii. Fylkesutvalet 3. desember 2019.

## Vedlegg 1: Rapport-/samandragssmal

DPO-ansvarlege syter for at det frå kvart delprosjekt vert levert følgjande samandragsskjema/samandragsrapport:

1.	Oppgåveforståing: Kva oppgåve(r) er det delprosjektet har greidd ut?	Forvaltning av fagskulesektoren jf. fagskulelova § 3, fylkeskommunen si eigarrolle og organisering av fylkeskommunane sine egne fagskular.
2.	<p>No-situasjonen: Kort skildring av korleis oppgåva/aktiviteten vert utført i dag i HFK og SFFK (nb! Punkta under er døme – dette vil ikkje vere relevant i alle delprosjekt)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Rutinar</li> <li>b) Prosedyrar</li> <li>c) Fullmakter</li> <li>d) Organisering, leiging</li> <li>e) Personell, kompetanse og økonomiske løyvingar</li> <li>f) Digitale verktøy</li> </ul>	<p>Fylkeskommunane har ulik organisering når det gjeld fordeling av tilskot; personalforvaltning og samansetning av styra for fagskulane.</p> <p>1) Tilskot til fagskuleutdanning <i>HFK – politisk handsaming av fordeling til private fagskular</i></p> <p><i>SFFK – administrativ sakshandsaming av fordeling (f.o.m. 2018 har ikkje SFFK private tilbydarar som søker om tilskot)</i></p> <p>2) Personalforvaltning <i>HFK – personalansvar for rektor er lagt til regionleiar i opplæringsavdelinga</i></p> <p><i>SFFK – personalansvar for rektor er lagt til styreleiar</i></p> <p>3) Samansetning av styra <i>HFK – Politiske eigarrepresentantar</i></p> <p><i>SFFK – Politiske og administrativt tilsette eigarrepresentantar</i></p>
3.	<p>2020-situasjonen – framtidig oppgaveløysing:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter)</li> <li>b) Leiging</li> <li>c) Organisering, personell og kompetanse</li> <li>d) Lokalisering og samhandlingsformer</li> <li>e) Digitale verktøy</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Fordele tilskot til offentlege og private fagskular ved å sjå sektoren og kompetansebehov i samheng ved tildeling av midlar. Det vert lagt opp til søknad frå private og budsjettinnspel frå dei fylkeskommunale i samband med at statsbudsjettet vert lagt fram i oktober kvart år.</li> </ul>

	<p>f) Økonomi/kostnader – innsparingar på sikt/kuppeleffektar i overgangsperioden</p>	<p>Følgje opp skuleeigarrolla, møte på styremøta, både avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for innovasjon og næring. Justere tilskot, følgje opp kvalitet og yrkesrelevans på eit overordna nivå. Sjå sektoren i samanheng med kompetansebehov og regionale planar.</p> <p>Sekretariatsfunksjonen vert lagt til fagskulane.</p> <p>b) Eit styre for dei to fagskulane som består av tre politiske eigarrepresentantar, ein administrativ eigarrepresentant, tre arbeidslivsrepresentantar, ein tilsettrepresentant og ein studentrepresentant.</p> <p>c) Forslag om samanslåing av dei to fagskulane frå 1. januar 2021, fremje sak for det nye fylkestinget 3.mars 2020.</p> <p>d) Ivareta og styrkje dagens lokasjonar; Nordnes, Nygård, Austevoll, Voss, Hjeltnes, Stord, Førde og Måløy.</p> <p>e) Fylkeskommunalt driftstilskot er samanlagt om lag 20 mill.</p> <p>I ein samanslåingsfase kan ein forvente auka kostnader.</p> <p>Samanslåing kan føre til meir reiseverksemd for leiinga og administrasjonen. Ein vil ikkje spare noko i høve til personale, fordi det er behov for dei ressursane skulane har i dag. Men med eit stort fagmiljø vil ein kunne få ned kostnader knytt til sjukefråvær og overtid. Samanslåing vil kunne gje kvalitative synergieffektar.</p>
4.	<p>Samanslåingsvinstar vi kan oppnå og kva for ev. omstillingskostnader vi får gjennom felles oppgåveløysing/organisering.</p>	<p>Fylkeskommunane vil kunne få betre vilkår for å stimulere til auke i fagskuletilbodet i ein større region. Ved samanslåing vil ein få større administrativ kapasitet og større fagmiljø, og dette vil kunne bidra til vidare utvikling av fagskulen.</p> <p>For fagskulane vil det vere ein styrke med større administrativ kapasitet og sterkare fagmiljø. T.d. får ein det største maritime miljøet i landet.</p>

5.	Økonomiske forhold som følge av samanslåinga, og som bør vurderast i samband med budsjettprosessen som startar januar 2019. Spesifiser dette med tidspunkt og estimert beløp.	<p>Auka reiseverksemd, spesielt i samband med omstillingsprosessen frå ein til to fagskular i 2020/2021.</p> <p>Kostnader til investering i meir digitalt utstyr på studiestader som ikkje har dette i dag, men dette vil liggje innanfor fagskulane sine budsjett.</p>

---

Saknr: 2019/146-3  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	7/20	13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

**Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - oppnemning av saksordførar**

Forslag til innstilling

I arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring oppnemner fylkestinget

.....  
som saksordførar.

**Samandrag**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS 1/2020 mandat og prosess for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. I vedtakspunkt 7 bad hovudutvalet fylkesrådmannen om å utarbeide ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS 1/2020 mandat og prosess for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. I vedtaks punkt 7 bad hovudutvalet fylkesrådmannen om å utarbeide ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.

Fylkesrådmannen viser *til Reglement for folkevalde organ og delegering*.

Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein folkevald på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksbehandlinga. I reglement for fylkestinget punkt 3.7, saksordførarordning, står det at:

- *Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein politiskar på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksføreavinga.*

Vidare står det i reglementet at saksordførarordninga skal:

- *styrke den politiske innsikta i sakene*
- *gi betre rom for politiske innspel i saksføreavinga*
- *ha eit samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde*
- *følgje saka gjennom heile prosessen, også ved saksbehandling i fylkesutvalet*

og mellom anna nyttast i

- *plansaker*
- *andre større saker etter nærare avgjerd, som til dømes i saker i dei fire hovudutvala og i finansutvalet*

Saka om mål og strategiar for vidaregåande opplæring er ei større sak i arbeidet med å etablere ein sektorplan.

Vedtakskompetanse

Mynde til å oppnemne saksordførar, nedfelt i *Reglement for folkevalde organ og delegering* for Vestland fylkeskommune, er lagd til fylkestinget.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Arbeidsvilkår og godtgjersle er fastsett i Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i vestland fylkeskommune

**Klima:** ingen effekt

**Folkehelse:** ingen effekt

**Regional planstrategi:** ingen effekt

Konklusjon

Hovudutval for opplæring og kompetanse har bede om at fylkesrådmannen utarbeider ei eiga sak for oppnemning av saksordførar. Saka om mål og strategiar for vidaregåande opplæring er ei større sak i arbeidet med å etablere ein sektorplan, og det er aktuelt å nytte saksordførar. Saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget.

---

Saknr: 2019/28-11  
Saksbehandlar: Nils Vetlesand

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse	8/20	13.02.2020
Fylkesutvalet		

### Fondsavsetjing/resultatoverføring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for vidaregåande skular og tannhelsedistrikt vert lagt til grunn ved avslutting av rekneskapen for Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet godkjenner slike føresetnader/grenser for ordninga:

- sektoren må samla ha positivt budsjettavvik.
- kvar vidaregåande skule/kvart tannhelsedistrikt kan ha samla fond på inntil 5% av nettobudsjettet (eiga grense for små skular).
- negative budsjettavvik må dekkast inn i budsjettet for skulen/tannhelsedistriktet to år etter av avviket oppstod.
- positive budsjettavvik utover grensene ovanfor vert ikkje sette av.

### Samandrag

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har hatt ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt. Fylkesrådmannen foreslår i saka å halde fram med ordninga i Vestland fylkeskommune ved avslutting av rekneskapen for 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har hatt ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt. Fylkesrådmannen foreslår i saka å halde fram med ordninga i Vestland fylkeskommune ved avslutting av rekneskapen for 2020.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ordning med fondsavsetjing medverkar til betre økonomistyring gjennom året.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Fondsavsetjing/resultatoverføring

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde begge ordningar med at vidaregåande skular og tannhelsedistrikt ved rekneskapsavsluttinga kunne setje av overskot/måtte dekke inn underskot. I Sogn og Fjordane fylkeskommune var det i tillegg ei tilsvarande ordning for fylkesvegvedlikehaldet.

Fylkesrådmannen har vurdert kva ordningar som bør gjelde for Vestland fylkeskommune på bakgrunn av gjennomgang av praksis ein har hatt fram til i dag i dei to fylkeskommunane.

Ut frå dette vil ein foreslå å halde fram med resultatoverføringsordning i Vestland fylkeskommune for vidaregåande skular og tannhelsedistrikt. Hovudgrunnen for forslaget er at ei slik ordning kan medverke til betre styring av budsjettmidlane gjennom året og unngå «hastekjøp» for å nytte tilgjengelege midlar før året er omme.

Fylkesrådmannen foreslår slike føresetnader/grenser for ordninga:

- sektoren må samla ha positivt budsjettavvik.
- kvar vidaregåande skule/kvart tannhelsedistrikt kan ha samla fond på inntil 5% av nettobudsjettet (eiga grense for små skular).
- negative budsjettavvik må dekkast inn i budsjettet for skulen/tannhelsedistriktet to år etter av avviket oppstod.
- positive budsjettavvik utover grensene ovanfor vert ikkje sette av.

Fylkesvegsektoren

Med verknad frå 2020 har fylkeskommunane overteke eit større ansvar for fylkesvegane.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at ein skaffar seg noko erfaring med driftsbudsjettet for fylkesvegane og nivået på dette før ein vurderer resultatoverføringsordning for denne sektoren.

På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen ikkje foreslå slik ordning no, men vurdere det på nytt etter at rekneskapen for 2020 er gjort opp, eventuelt med sikte på innføring for etterfølgjande år.

Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår at ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for skular og tannhelsedistrikt vert lagt til grunn ved avslutting av rekneskapen for Vestland fylkeskommune for 2020.